

Interkommunal sjøarealplan for Aukra og Hustadvika kommunar - 2025-2033

Planomtale

PlanID:

Aukra: 202303

Hustadvika: 202304



Innhald

1. Innleiing.....	4
1.1 Bakgrunn og mandat.....	4
1.2 Organisering	4
1.2.1 Styringsgruppe	4
1.2.2 Arbeidsgruppe.....	5
1.2.3 Organisasjonskart.....	5
1.2.4 Arkiv	5
2. Formål med planarbeidet.....	6
2.1 Planavgrensing	6
2.2 Utgreiing om planområdet.....	7
2.3 Problemstillingar frå planprogrammet og tema som er vurderte i planprosessen.....	8
2.4 Overordna rammer for planlegging i sjø	8
2.4.1 FN sine berekraftsmål.....	9
2.4.2 Plan- og bygningslova (PBL).....	10
2.4.3 Naturmangfaldlova.....	11
2.4.4 Akvakulturlova.....	11
2.4.5 Havne- og farvannslova	12
2.4.6 Havressurslova.....	12
2.4.7 Relevante lover som påverkar planlegging i sjø, oppsummering.....	13
2.4.8 Vassforskrifta (Forskrift om rammer for vannforvaltningen).....	14
2.4.9 Nasjonale forventningar	14
2.4.10 Fylkes- og regionale planer.....	14
2.4.11 Gjeldande arealplanar i sjø:	15
2.5 Rettsverknad av planen	15
2.5.1 Samordning mellom generell lov og sektorlov.....	16
3. Planprosess.....	16
3.1 Krav til innhald og samarbeid.....	16
3.1.1 Planprogram.....	16
3.1.2 Ressurs- / referansegruppe, arbeidsgruppe.....	16
3.1.3 Møte med næringsforum og Webinar	17
3.1.4 Ny kunnskap	17
3.1.5 Planforum og medverknad frå sektormynde	17
3.1.6 Kartportal	17
3.1.7 Media og kunngjeringar	18
3.1.8 Oversikt, medverknad og møte.....	18
4. Bruken av planområdet i dag, status for sjømatnæringa, reiseliv og sjøbasert industri.....	20
4.1 Havbruk	20

4.1.1 Marknadsutviklinga for havbruksnæringa i planområdet	21
4.1.2 Planforslaget sett i lys av St. meld om vekst i havbruksnæringa	22
4.2 Fiskeri	23
4.3 Reiseliv i Ytre Romsdal og Nordmøre	23
5. Planforslaget, utgreiing	24
5.1 Framtidige utfordringar	24
5.1.1 Energiproduksjon	24
5.1.2 Nye oppdrettsartar	24
5.1.3 Ny teknologi i tradisjonell oppdrettsnæring	24
5.1.4 Turisme, transport (fritidsfartøy, ribb, vasscooter)	24
5.1.5 Mineralutvinning	25
5.2 Utgreiing om tiltak, tiltaksdel	25
5.3 Hovudføremål, arealbruk: Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (V / SOSI 6001)	26
5.4 Fiske (VFI / SOSI 6300)	26
5.5 Akvakultur (VA / SOSI 6400)	27
5.5.1 Akvakulturføremål i planforslaget	27
5.6 Naturområde (NO / SOSI 6700)	29
5.7 Kombinert formål rundt akvakultur (VKA / SOSI 6800)	29
5.8 Kombinert formål Fiske/Friluftsliv (FI/FRI / SOSI 6800)	29
5.9 Samferdsel og tekniske anlegg (Farlei / SOSI 1161)	29
5.10 Føresegnsområde knytt til arealformål (PBL §11-7 nr. 6 & § 11-11, nr. 3)	30
5.10.1 Føresegnsområde med forbod mot taretråling	30
5.11 Omsynssoner (PBL §11-8)	32
5.11.1 Sikrings-, støy og faresoner (PBL § 11-8a)	32
5.11.2 Særlege omsyn (PBL § 11-8c)	33
5.11.3 Bandleggings-soner (PBL § 11-8d)	33
6 Konsekvensutgreiing (KU) og ROS-analyse	33
6.1 Metode	33
6.2 Spesifikk eller generell arealbrukskategori	34
6.3 Forslag til verneområde	34
7. Planforslaget sin verknad for miljø og samfunn	34
7.1 Risiko og sårbare tilhøve	34
7.1.1 Vurdering av planen sin verknad for risiko- og sårbare tilhøve	35
7.2 Kunnskapsgrunnlaget	35
7.2.1 Vurdering av kunnskapsgrunnlaget, jamfør naturmangfaldslova § 8-9	35
7.3 Naturmangfald	35
7.3.1. Vurdering av samla belastning for naturmangfaldet	38
7.4 Friluftsliv og folkehelse	38

7.4.1 Vurdering av samla belastning for friluftslivet og folkehelsa	38
7.5 Kulturminne og kulturmiljø	38
7.5.1 Vurdering av samla belastning for kulturminne og kulturmiljø.....	39
7.6 Landskap.....	39
7.6.1 Vurdering av samla belastning på landskapsbiletet	39
7.7 Fiskeri	39
7.7.1 Samla belastning for fiskeri	39
7.8 Akvakultur	39
7.8.1 Vurdering av samla belastning for akvakultur	40
7.9 Reiseliv	40
7.9.1 Vurdering av samla belastning for reiseliv	40
7.10 Ferdsel og farlei.....	40
7.10.1 Vurdering av samla belastning for ferdsel og farlei.....	40
7.11 Muddring og deponering	40
7.11.1 Vurdering av samla belastning for muddring og deponering.....	41
7.12 Kommunale planar	41
7.12.1 Vurdering av samla konsekvens for kommunale planar.....	41
8 FN sine berekraftsmål, samla vurdering.....	41
8.1 Samla vurdering av berekraftsmåla.....	41
9 Offentleg ettersyn.....	41
10 Vedleggsliste.....	41
Vedlegg 1: Merknadshandsaming	42
Vedlegg 2: Informasjonsmøte, vedtak i styringsgruppa	58
Vedlegg 3: Lokalt kunnskapsgrunnlag	62

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn og mandat

Ressursane i kystsona blir stadig viktigare for næringsliv, verdiskaping og fritid. Kommunane i ytre del av Romsdal har lange og sterke tradisjonar for bruk av sjøareal til fiskeri, ferdsel og havbruk. Det er aukande merksemd i samfunnet på biologisk mangfald i og i tilknytning til sjøen, og at livskraftige økosystem er sjølve grunnlaget for framtidig bruk og ressurstilgang. Med aukande velstandsutvikling har også bruken av sjøareal til turisme, fritids- og rekreasjonsføremål auka. Ulike bruksinteresser konkurrerer om areala, og målet er finne ein god sameksistens gjennom arealplanlegging i sjø. Arealplan i sjø er ein overordna plan med nasjonale og regionale føringar der kommunestyra er

planmynde og innafor visse grenser avgjer ”kvar dei vil og kvar dei ikkje vil” ha ulik aktivitet. Det er viktig å skilje mellom ein overordna plan og det som let seg realisera til faktisk bruk. Når ein kommune, til dømes, har sett av areal til akvakultur, med grunnlag i kjent kunnskap, betyr det at det er tillate å søkje om etablering av akvakultur. Deretter skal lokaliteten vurderast av ulike fagmynde om krava etter ulikt lovverk kan imøtekomast og løyve kan tilrådest.

Aukra og Hustadvika er felles om fjordsystemet Julsundet/Harøyfjorden og dei ressursrike og vêrharde sjøområda mot storhavet i vest. Kommunane har som mål å forvalte dei felles ressursane gjennom likeordna planprosessar og på ei kunnskaps- og økosystembasert forståing av naturen i planområdet. Hausting og påverknad av knappe og sårbare ressursar i ein kommune kan fort påverke kva tiltak nabokommunen kan realisere. Sør for oss, i Romsdalsfjorden, og i hav- og fjordsystema på Nordmøre (Kornstadfjorden til Trøndelag grense) er det tidlegare gjennomført felles sjøarealplanlegging. Inneverande planarbeid i Aukra og Hustadvika kommunar bidreg til planavklaring i eit større havområde i fylket. Planarbeidet er forankra i begge kommunane sine planstrategiar, og skjer etter reglane om interkommunalt samarbeid, jamfør PBL kap. 9. Kommunane fekk, etter felles søknad om støtte i 2020 ei løyving på kr 1.500.000,- frå Marint miljøriskings- og verdiskapingsfond i Møre og Romsdal fylkeskommune til gjennomføring av planarbeidet.

Planprogrammet for Interkommunal sjøarealplan for Aukra og Hustadvika kommunar vart vedteke i begge kommunestyra i mai 2022.

1.2 Organisering

Planarbeidet er politisk forankra i dei to kommunestyra gjennom vedtak i kommunal planstrategi. Det er ikkje gjort vedtak i kommunane om å delegere vedtaksmynde til styringsgruppa om planprosess, jamfør PBL § 9-3. Kvart kommunestyre gjer endeleg planvedtak for sitt område som kommunedelplan.

1.2.1 Styringsgruppe

Planarbeidet har vore eit prosjektbasert samarbeid organisert etter PBL kap. 9. Planarbeidet vart leia av eit styre med to administrative representantar frå kvar kommune. Kommunane har henta inn ekstern prosjektleiar / plankompetanse for å leie og å gjennomføre første del av planarbeidet fram til 1. gongs offentleg ettersyn. Innleigd konsulent har vore Kjell Lode frå Lode Plankompetanse AS. Etter førstegongs høyring har kommunane sjølv utarbeida nytt planforslag til 2. gongs offentleg ettersyn. Prosjektleiar har vore sekretær for styringsgruppa. Styringsgruppa har behandla overordna premiss og spørsmål i planprosessen. Representantane i styringsgruppa har ansvar for kommunikasjonen mellom prosjektet og politiske organ i dei einskilte kommunane. Kommunane har eit sjølvstendig ansvar for å sikre samordning mellom prosjektet og andre kommunale planar og vedtak, og samanhengen mellom sjø og land.

1.2.2 Arbeidsgruppe

Det har vore etablert ei arbeidsgruppe for plan og ei for kart. Kvar kommune har utnemnd ein person som deltakar i arbeidsgruppene. Vedkomande er bindeledd mellom prosjektet og administrasjonen i sin kommune og har ansvar for kommunikasjon og lokale medverknadsprosessar. Kommunane har leigd inn kompetanse for kart- og KU arbeid, frå Norconsult AS. Fylkeskommunen har vore representert i arbeidsgruppene med ein person i rådgjevande rolle. Prosjektleiari og arbeidsgruppene har stått for det operative arbeidet. Under gjennomføring av planarbeidet vart det oppretta referanse- / ressursgrupper etter behov.

1.2.3 Organisasjonskart




Fig.1 Organisasjonskart

1.2.4 Arkiv

Styringsgruppa vedtok tidleg at Hustadvika kommunen skulle vere vertskommune for prosjektet. Dette inneber at arkivverdig materiale blir lagt inn i Hustadvika kommune sitt sak/arkiv system i samsvar med kommunen sitt internkontrollsystem og overført til Aukra kommune for lagring der etter nærare avtale. Innsynsspørsmål undervegs vart handtert etter Hustadvika kommune sine rutinar. Prosjektleiari har i samarbeid med Hustadvika kommune hatt ansvar for arkiveringa.

2. Formål med planarbeidet

Aukra og Hustadvika kommunar har utarbeidd ein felles plan for bruk og vern av sjøområda sine for perioden 2025 – 2033.

Planen skal legge til rette for ein felles, økosystembasert forvaltningspraksis i planområdet. Det er lagt særleg vekt på å tilpasse bruk og vern slik at ein kan oppnå ein berekraftig sameksistens mellom havbruk, fiskeri, villfisk og andre viltlevande organismar i sjøen, i tillegg til god sameksistens mellom miljø- og friluftsinteresser, naturverdiar og turisme.

Sjølv om sjøarealplanen er ein sjølvstendig kommunedelplan i kvar kommune, er kommunane samde om å varsle kvarandre om etableringstiltak som kan få avgrensande verknad for den andre kommunen. Gjennom drøftingar skal ein søke å finne løysingar som tek i vare både etableringsinteressene og grensene for eit berekraftig miljø¹.

Planen utgjør ei samling av dokument. Eit felles plankart, men kvar kommune kan berre godkjenne kart for sin del av planområdet (det elektroniske kartet er juridisk bindande)², planomtale, konsekvensanalysar og felles føresegner og retningslinjer.

Samarbeidet med Norconsult AS har gjeve innblikk i ein metode for utarbeiding av plandokument som vi har funne føremålstenleg. Planomtale og konsekvensanalysar (einskilde tiltak og samla) bygger på tilsvarande dokument frå Interkommunal kystsoneplan for Vesterålen (2022) der Norconsult AS har vore plankonsulent.

2.1 Planavgrensing

Den interkommunale sjøarealplanen dekker sjøareala innafor kommunegrensene til kommunane Aukra og Hustadvika.

Planområdet er avgrensa mot land i kystkonturen, basert på FKB-data for kystkontur med forenkla punktstruktur, og i sjø til ei nautisk mil utafor grunnlinja. Alle landtunger og øyer som er landfaste med veg eller annan infrastruktur, med hus eller hytter eller har særskilde kulturhistoriske / naturhistoriske interesser er lagt til kommuneplanen sin arealdel for land. Utanom dette inkluderer sjøarealplanen mindre øyer, holmar og skjer som elles fell tørre ved fjøre. Gjeldande del av Sjøområdeplan for Nordmøre for tidlegare Eide kommune og arealdelen i sjø for kommuneplanen i Aukra, er i hovudsak vidareført i denne planen.

Ideelt sett skulle planarbeidet vore saumlaust frå land mot sjø. Mange tiltak i strandsona vil ha konsekvensar både for land og sjø, slikt som småbåtanlegg, kaiar, turistanlegg (inkludert båtsafari med fiske, fart (ribb)) og landbaserte anlegg (sørvisanlegg for fiskeflåten, verft, fiskeoppdrett). Sjøarealplanen for Aukra og Hustadvika er eit startpunkt for sjøarealforvaltinga etter PBL. Ved seinare revisjonar av kommuneplanen sin arealdel vil kommunane truleg inkludere sjø og land i same plan. Samanhengen mellom sjø og land blir då meir konsistent. Reguleringsplanar som går ut i sjø er ikkje del av planområdet i denne planen, men blir viste med omriss på same måte som kystkonturen. Reguleringsplanane er dermed del av landdelen.

Kart over planområdet (GisLink):

¹ Sjå dokument Føresegner og retningslinjer

² Lovdata: Forskrift om kart, stedfestet informasjon, arealformål og kommunalt planregister (kart- og planforskriften)



Fig 2. Kart over planområdet.

2.2 Utgreiing om planområdet

Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS) plasserer størstedelen av planområdet i «Landskapsregion 24, Kystbygdene på Nordmøre og i Trøndelag»³. Kornstadfjorden, med avgrensing frå Gaustad i Hustadvika, nordaustover til Tøvika i Averøy kommune og sørover til grensa med Gjemnes kommune ligg i «Landskapsregion 25, Fjordbygdene på Møre og i Trøndelag». Hovudtrekka i landskapet er prega av oppsprekkinga i dei harde grunnfjellsbergartane gneis og eklogitt som viser seg i form av lange, rette drag i landskapet, i retning sørvest - nordaust. Hovudretninga er vidare broten av sekundæroppsprekking i nordvest – søraustleg retning. Innafor den opprivne strandflata reiser det seg relativt høge fjell (Stemshesten/Sjurdvarden, 650m; Eikremsheia, 500m). Dei fleste øyane er låge. Øyane strekk seg i rekke frå Orta i sør og nordaustover til Lyngværet, Gossa / Rindarøya, Bjørnsund og dei mindre holmane og skjera over Hustadvika. Størhavet står på frå vest, og Hustadvika er eit berykta havstykke i dårleg ver. Viktig ferdselsåre i området er Trondheimsleia som ligg utafor den farlege fallgarden i Hustadvika. Rike fiskeressursar og kort avstand til fiskefelte førte tidleg til busetting på dei største øyane. I dag er det berre fast busetnad på Gossa og Orta. Bjørnsund var tidlegare eit aktivt fiskevær, men vart fråflytta på 1960-talet. I dag er areal og bygningsmassen her regulert til fritidsføremål. Dei små øyane og sunda langs kyststripa er populære utfartsområde for fritidsbåtar og for dykking. Jorddekket på øyane og på fastlandet lengst ut mot havet er svakt, men på Gossa finst det det større parti med breelv avsetjingar og morene.

Fjordsystema er Julsundet / Harøyfjorden, Frænfjorden / Malmefjorden og Kornstadfjorden. Landflatene inn mot fjordane er relativt vide med utbreidd landbruksaktivitet. Unntaket er Julsundet der strandflata er kort. Det finst ei rekke mindre vassdrag med utløp til sjøen. Mange av desse elvane / bekkane har tidlegare vore viktige sjøaurevassdrag. Sjøauren er no borte i dei fleste vassdraga. Lokale laksevassdrag er Hustadvassdraget, Nåsvasdraget og Moaelva.

³ Norsk Institutt for bioøkonomi (NIBIO), Nasjonalt referansesystem for Landskap – Beskrivelse av Norges 45 landskapsregioner. NIJOS-rapport 10/2005.

Klimaet er oseanisk, og regionen høyrer til kystseksjonane sitt låglandsbelte. Myrdekke er utbreidd i området, og dette er ei hovudvegetasjonsform. Milde vintrar og mykje nedbør gjev gode tilhøve for atlantisk kystlynghei, ein naturtype som vart til av beite, utslått og lyngbrenning. I seinare tid har kyst- og strandlandskapet endra seg med innvandring av buskvekstar og lauvtre. Planting av sitkagran / lutzgran har endra landskapet mykje dei siste 50 åra og har medverka til den vegetasjonsendringa vi no ser. Det opne landskapet veks til med skog.

2.3 Problemstillingar frå planprogrammet og tema som er vurderte i planprosessen

Lokalisering av areal til akvakultur er ein viktig del av planlegginga i sjø, sidan tildeling av lokalitetar etter akvakulturlova føreset at kommunen først har sett av areal til slik aktivitet, jamfør akvakulturlova § 15 a.

Det er klare politiske føringar, både nasjonalt og regionalt, om å legge til rette for auka oppdrettsverksemd. Dette set krav til sjøarealplanlegginga i Aukra og Hustadvika. Det skal i planlegginga også takast høgde for oppdrett av kvitfisk og oppdrett av andre organismar, til dømes tare og tunikatar. Eventuell auka oppdrettsaktivitet skal vere berekraftig, og ikkje gå ut over andre aktivitetar, til dømes fiskeri. Andre fagmynde sine ansvarsområde innan naturmangfald, kulturminne, ferdsel og friluftsliv er døme på bruksområde som er vurderte i planlegginga.

Vurdert i planprosessen er blant anna:

- Generell risiko- og sårbarhet (ROS) i planområdet.
- Sjøområda si totale bereevne i lys av utvida og/eller auka aktivitet. Er det spesielt utsette område som må visast særleg merksemd? Omtale av taretråling.
- Behovet for omsynssoner. Er det område som er spesielt utsette for til dømes skred, ver og vind, utfordrande seglingstilhøve eller kulturminne som krev særleg omsyn? I slike område bør det truleg ikkje etablerast tiltak som kan føre til fare for tap av naturverdiar, liv, helse og tekniske installasjonar?
- Legge til rette for framtidig vekst i oppdrettsnæringa med omsyn til etablering av nye lokalitetar og optimalisering av eksisterande lokalitetar.
- Sikre oppdrettsnæringa lokalitetar som kan hindre / minske spreiding av lakselus og andre fiskesjukdomar.
- Registrere gyte-, oppvekst- og viktige fiskeområde. Er det område som vil kunne kome i konflikt med oppdrettsnæringa sin trong for areal?
- Tilrettelegging for ny næringsverksemd i kystsona, til dømes tareoppdrett og oppdrett av blautdyr
- Sikre at framtidig næringsverksemd (til dømes akvakultur, reiseliv, sjørelatert industri) blir etablert i samsvar med økosystembasert naturforvaltning og ikkje går ut over naturmangfald og bereevne, natur- og kulturomsyn eller andre samfunnsinteresser.
- Sikre tilhøva for ferdsel og transport.
- Sikre gode oppvekstvilkår for barn og unge med tilgang til sjø og kystnære område.
- Sikre generell bulyst i området. Omsyn til friluftsliv, landskap, estetikk, ferdsel og sysselsetting er sentrale faktorar.

2.4 Overordna rammer for planlegging i sjø

Planlegging i sjøområda er regulert av ei rekke konvensjonar, lover, føresegner og nasjonale retningslinjer og regionale og kommunale planar.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (no: Kommunal og distriktsdepartementet) oppsummerte i vegleiar for Planlegging i sjøområdene (mai 2020) forventninga til kommunane om planlegging i sjø⁴:

«Samordning i plan- og bygningsloven er det viktigste virkemiddelet for å sikre sektorovergripende samfunnsplanlegging med helhetlige løsninger. I kommunens sjøarealer krever planer etter plan- og bygningsloven samordning og samarbeid om oppgaveløsning med blant annet Kystverket, Fiskeridirektoratet, Mattilsynet, Forsvarsbygg, fylkeskommunen, fylkesmannen, kommunal/interkommunal havnemyndighet, private organisasjoner, næringsaktører og innbyggerne.

Et godt samarbeid med alle berørte interesser i sjøområdene bidrar til å sikre god balanse mellom bruk og vern av ressursene, forebygger arealkonflikter, gir planen legitimitet og sikrer at det blir mindre behov for dispensasjoner fra planene.

Næringsaktører og myndighetsorganer med interesser i sjøområdene må forholde seg til flere lovverk med tilhørende forskrifter, som til sammen danner det formelle rammeverket for bruken av sjøarealene. *I den grad det er interessekonflikter mellom sektorforvaltningens kompetanseområder som skaper uklare grenseflater, har kommunene en viktig funksjon i å løfte opp saken, få fram informasjon og sørge for at interessene blir vurdert i en helhetlig sammenheng.»*

2.4.1 FN sine berekraftsmål

Planarbeidet støttar seg til FN sine berekraftsmål. Dei siste tiåra har naturmangfaldet på jorda blitt kraftig redusert. Den overordna drivkrafta er auken i verdas befolkning. Dei fem store drivkreftene er øydelegging, oppsplitting og forringing av artane sine leveområde, overdriven jakt / fangst, framande og invaderande artar, forureining og klimaendringar. Ei utvikling som tek i vare utfordringane ein har i dag, utan å øydelegge for korleis framtidige generasjonar kan løyse sine, er eit viktig utgangspunkt for all planlegging. Dette prinsippet er ei viktig målsetjing for arbeidet med sjøarealplanen vår. Hovudmålet er å finne ein praktisk sameksistens for ei økosystembasert forvaltning og berekraftig utvikling. Lukkast vi med dette, samsvarer det godt med FN si systemtenking om berekraft.

Berekraftmåla er delt i tre dimensjonar: Miljømessig berekraft, sosial berekraft og økonomisk berekraft. Samspelet mellom dimensjonane avgjer graden av berekraft.

Planarbeidet vårt vil i særleg grad falle inn under desse berekraftmåla:

- **Berekraftmål 2:** *Utrydde svolt, oppnå mattryggleik og betre ernæring og fremje berekraftig landbruk.*

Målet er relevant for sjøarealplanen sidan planen legg til rette for matproduksjon innan havbruk og tradisjonelt fiskeri. Underpunkt 2.4 held fram at ein:

Innan 2030 skal sikre at det finst berekraftige system for matproduksjon og innføre robuste metodar som gir auka produktivitet og produksjon, som bidreg til å halde oppe økosystema, som styrker evna til å tilpasse seg til klimaendringar, ekstremvêr, tørke, flaumar og andre katastrofar, og som gradvis fører til betre kvalitet på areal og jord.

Aukra og Hustadvika kommunar kan med dei rammene som sjøarealplanen set, medverke til auka matproduksjon og utvikling lokalt og globalt.

- **Berekraftmål 8:** *Anstendig arbeid og økonomisk vekst*

⁴ Kommunal og moderniseringsdepartementet: Veileder, Planlegging i sjøområdene. Mai 2020, s. 8-9

Tilrettelegging for ny og vidareføring av eksisterande akvakultur saman med omsyn til tradisjonell fiskerinæring, vil gi auka sysselsetjing lokalt og regionalt. Det er venta auka etterspurnad etter sjømat og anna biologisk råstoff frå havet. Utviklinga kan få store økonomiske ringverknadar. Sjøarealplanen legg til rette for ei slik utvikling, og samsvarer slik med berekraftsmålet og med nasjonale mål om vekst i havbruksnæringa og satsing på oppdrett av nye artar.

- **Berekraftsmål 9: Industri, innovasjon og infrastruktur**

Planarbeidet legg til rette for innovasjon ved å sikre areal eksklusivt til oppdrett av nye artar og tare. Utvikling av eksisterande og ny industri reknar ein med kan bli resultatet av denne tilrettelegginga. . Sjøarealplanen samsvarer slik med berekraftsmålet 9.2 (*inkluderande, berekraftig industrialisering og næringsutvikling*) og 9.5 (*styrkje vitskapleg forskning, og oppgradere teknologien*); og med nasjonale mål om vekst i havbruksnæringa og satsing på oppdrett av nye artar.

- **Berekraftsmål 11: Berekraftige byar og lokalsamfunn**

Berekraftsmål nr. 11 er relevant med tanke på å sikre bulyst og folketal i kommunane. Tilrettelegging for vekst i produksjonsareala for sjømatnæringa saman med fylkeskommunen si lokale satsing på vidaregåande utdanning innan havbruk ved Hustadvika vidaregåande skule aukar attraktiviteten for busetjing og industriutvikling.

- **Berekraftsmål 12: Ansvarleg forbruk og produksjon**

Sjøarealplanen kan vere med å støtte opp under delmål 12,2: *Innan 2030 oppnå berekraftig forvaltning og effektiv bruk av naturressursar*. 12.3: *Innan 2030 halvere matsvinn per innbyggjar på verdsbasis, både i detaljhandelen og blant forbrukarar, og redusere svinn i produksjons- og forsyningskjeda, inkludert svinn etter innhausting*. I havbruksnæringa blir stadig meir mat produsert med mindre forspill og på færre lokalitetar. Dette gir ein langt meir effektiv matproduksjon. Sjøarealplanen har sett av areal til oppdrett av sjøbasert protein (tunikatar) som kan bli eit verdfullt tilskott til oppdrettsfôr (til erstatning for soya); jamfør også berekraftsmål 9.

- **Berekraftsmål 14: Livet i havet**

Målet om eit friskt hav med eit mangfald av liv er sentralt for sjøarealplanen. Fiskeri, havbruk og sjøog havretta turisme er viktige næringar i lokalsamfunnet. Spesielt er delmål 14.1 relevant: *Innan 2025 hindre og i vesentleg grad redusere alle former for havforureining, særleg frå landbasert verksemd, inkludert marin forsøpling og utslepp av næringssalt*. Planen legg til rette for eit stort landbasert oppdrettsanlegg med nullutslepp av næringssaltar og smittestoff. Erfaring frå denne forma for drift kan takast med i seinare rullering av planen.



Sjå elles samla vurdering av berekraftsmåla i kapittel 7 og 8 nedanfor.

2.4.2 Plan- og bygningslova (PBL)

Kommunane si plikt til å integrere sjøareala i den overordna planlegginga følgjer av plan- og bygningslova (2008), jf. § 1-2. Nye tiltak eller utviding/omlegging av eksisterande tiltak krev konsekvensvurdering. Konsekvensvurderinga skal tilpassast plantypen, og for sjøarealplanen vil det seie ei utgreiing på overordna nivå, jamfør Forskrift om konsekvensutredningar, 21. juni 2017.

Arealbruksføremålet; *Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone* (PBL § 11-7 nr. 6) skal brukast for planlegging i sjøareala. Føremålet kan delast inn i områder for ferdsel, farlei, fiske,

akvakultur, naturområde og friluftsområde kvar for seg eller i kombinasjon. Vidare slår § 11-11 nr. 3 fast at det kan lagast egne vedtekter for arealbruken i vassoverflata, vassøyla og på botnen. Det kan og setjast av omsynssoner knytt til dette arealføremålet med egne føresegner og retningslinjer, jf. § 11-8.

2.4.3 Naturmangfaldlova

Føremålet med lova er å ta vare på naturen sitt mangfald av biologiske, landsapsmessige og geologiske ressursar og at økologiske prosessar blir tatt vare på gjennom berekraftig bruk og vern. Dette for å sikre eit grunnlag for menneskeleg verksemd, kultur, helse og trivsel, no og i framtida. Lova har forvaltningsmål for naturtypar, økosystem og artar. Lova gjeld på land og i sjø ut til grensa for sjøterritoriet som er 12 nautiske mil. Einskilde deler av lova gjeld også utanfor denne grensa. Dette gjeld lova sitt føremål (§ 1), forvaltningsmål for naturtypar og artar (§§ 4 og 5), fleire av miljøprinsippa (§§ 7-10) og genetisk materiale (§ 14). Lova sitt føremål samsvarer med viktige internasjonale avtalar som handlar om naturmangfald, og ho skal legge grunnlaget for norsk gjennomføring av internasjonale avtalar.

Kapittel II i lova er viktig i kommunal planlegging. Det er krav om at tiltak i naturen skal vurderast etter prinsippa i §§ 8-12. § 8 understrekar krav til kunnskap når tilhøva for naturtypar og artar blir berørte. Dersom kunnskapsgrunnlaget er svakt, slår prinsippet om «føre – var» inn, § 9. Prinsippet om økosystembasert tilnærming og samla belastning, § 19, er særleg relevant for marine miljø der små tiltak etter kvart i sum kan få vesentleg innverknad på naturmangfaldet.

Prioriterte artar, § 23 og utvalde naturtypar, jf. kapittel VI i lova, krev særlege omsyn. I planområdet er det registrert ei stor mengd slike artar og naturtypar (jmf. naturbase.no).

2.4.4 Akvakulturlova

Lovgjevar seier at føremålet med lova skal vere å fremje lønsemd og konkurransekraft for næringa innafor ramma av ei berekraftig utvikling og bidra til verdiskaping på kysten.

I § 10 blir det slått fast at etablering, drift og avvikling av akvakultur skal skje på ein miljømessig forsvarleg måte. I forarbeidet til lova blir det slege fast at⁵: «Akvakultur vil naturleg påvirke det omkringliggende miljø gjennom utslipp av næringssalter osv., samtidig som produksjonen påvirkes av miljøet rundt. For å videreutvikle akvakulturnæringen er det derfor viktig at produksjonen er miljøvennlig og ikke i vesentlig grad forurensar eller på annan måte skader økosystemene der produksjonen finner sted. I tillegg må næringen sikres godt produksjonsmiljø i forhold til andre miljøpåvirkningar.»

Det er krav om samtykke frå aktuell plan- eller vernemynde før løyve til akvakultur blir gjeve, jamfør § 15. Konkret betyr det at ønske om å etablere akvakultur ikkje er i strid med vedtekne planar etter plan- og bygningslova eller konkrete vernetiltak. Ved etablering av lokalitetar for akvakultur skal departementet gjere ei interesseavveging i høve areal før løyve blir gjeve, jamfør § 16. Når eit akvakulturanlegg er etablert, oppstår eksklusiv arealbruk⁶. Det er forbode å fiske nærare anlegget enn 100 meter eller ferdast nærare enn 20 meter, jamfør Akvakulturdriftsforskrifta § 18.

⁵ Ot.prp. nr 61 (2004-2005), kap. 3.4 Miljøstatus, 2. avsnitt

⁶ Forskrift om drift av akvakulturanlegg, § 18. FOR-2008-06-17-822.

2.4.5 Havne- og farvannslova

Lova skal fremje sjøtransport som transportform og legge til rette for effektiv, sikker og miljøvenleg drift av hamner og bruk av farvatn, samstundes som det skal takast omsyn til eit konkurransedyktig næringsliv. Lova skal ta i vare nasjonale forsvars- og beredskapsinteresser. (Sitat av § 1 med nynorsk omsetjing).

Forvaltningsansvar og mynde er delt mellom stat og kommune. Staten ved departementet og underliggende etat, Kystverket, har ansvar for hovud- og bilei og vidare for kystforvaltning, tryggleik på sjøen og akutt vern mot forureining.

Kommunane har ansvar for sitt sjøområde, definert som dei områda der kommunen er planmynde etter plan- og bygningslova, med unntak for hovud- og bilei, jamfør § 3, punkt f. Gjennom kommunane si arealplanlegging skal det sikrast nok areal til trygg segling og manøvrering for sjøtrafikken. Det skal takast omsyn til hovud- og bileier som går gjennom kommunen sine sjøareal. Kommunane sitt ansvar etter lova, jamfør § 4, kan delegerast til eit interkommunalt samarbeid i samsvar med kommunelova. Aukra og Hustadvika kommunar er medlemmar i eit slikt samarbeid gjennom Molde og Romsdal havn IKS.

Paragraf 14 listar opp ei rekke tiltak som krev løyve før gjennomføring. Kommunen har eit generelt ansvar for å gi løyve til tiltak som innretningar, naturinngrep og aktivitetar og sørge for ei effektiv og samordna sakshandsaming i høve til anna lovverk. Staten sitt tiltaksansvar er konkret nemnd i ei opplisting med punkt a) til i). Det er verdt å merke at «Tillatelse til tiltak etter denne paragrafen kan ikke gis i strid med vedtatte arealplaner etter plan- og bygningsloven uten etter dispensasjon fra plan- og bygningsmyndigheten.», jamfør § 14, 3. avsnitt, siste setning.

2.4.6 Havressurslova

Havressurslova har vore gjennom fleire revisjonar, sist etter stortingsvedtak 05.03.2021. Føremålet med lova er «å sikre ei berekraftig og samfunnsøkonomisk lønsam forvaltning av dei viltlevande marine ressursane og det tilhøyrande genetiske materialet og å medverke til å sikre sysselsetjing og busetjing i kystsamfunna.», jamfør §1. Fiskeridirektoratet seier følgjande om havressurslova: “I 2009 ble saltvannsfiskeloven avløst av havressursloven. Mens saltvannsfiskeloven hovedsakelig fokuserte på de kommersielt utnyttbare fiskeressursene, omfatter havressursloven alle levende marine ressurser. Ved å integrere bevaring og bærekraftig bruk, representerer havressursloven et regimeskifte der målet er en økosystembasert fiskeriforvaltning.”⁷

Sjøarealplanen vår legg opp til ei lokal økosystembasert forvaltning, noko som samsvarer godt med statlege forvaltingsprinsipp, uttrykt i § 7: “Departementet skal vurdere kva slags forvaltningstiltak som er nødvendige for å sikre ei berekraftig forvaltning av dei viltlevande marine ressursane. Ved forvaltninga av dei viltlevande marine ressursane og det tilhøyrande genetiske materialet skal det leggjast vekt på

- a) ei føre-var-tilnærming i tråd med internasjonale avtalar og retningslinjer
- b) ei økosystembasert tilnærming som tek omsyn til leveområde og biologisk mangfald
- c) ein effektiv kontroll med hausting og anna utnytting av ressursane
- d) ei formålstenleg fordeling av ressursane, som mellom anna kan medverke til å sikre sysselsetjing og busetjing i kystsamfunna
- e) ei optimal utnytting av ressursane som er tilpassa marin verdiskaping, marknad og industri

⁷ Fiskeridirektoratet: <https://www.fiskeridir.no/Yrkesfiske/Tema/OEkosystembasert-forvaltning>

- f) at haustingsmetodar og reiskapsbruk tek omsyn til behovet for å redusere moglege negative verknader på levande marine ressursar
- g) at forvaltningstiltak er med og sikrar det materielle grunnlaget for samisk kultur.»

Havressurslova har ikkje kryssreferanse til plan- og bygningslova sitt ansvarsområde slik som akvakulturlova. Dette kan skape nokre uklare tilhøve for utøving av lokal forvaltningsmynde, sjå nedanfor, punkt 2.6.1.

2.4.7 Relevante lover som påverkar planlegging i sjø, oppsummering

- Plan- og bygningslova. Lov om planlegging og byggesaksbehandling, 27. juni 2008. Med Forskrift om konsekvensutredninger, 21. juni 2017.
- Naturmangfaldslova. Lov om forvaltning av naturens mangfold, 19. juni 2009.
Merk særleg vurderingskriteria i §§ 8-12 jf. § 7. Andre viktige dokument for forvaltning av denne lova:
 - Veileder om naturmangfoldloven kapittel II -
Veileder til forskrift om utvalgte naturtyper
- Akvakulturlova. Lov om akvakultur, 17. juni 2005.
- Friluftsløva. Lov om friluftslivet, 28. juni 1957 nr.16.
- Havressurslova. Lov om forvaltning av viltlevende marine ressurser, 5. mars 2021.
- Havne- og farvannsloven. Lov om havner og farvann mv., 21. mai 2019.
- Folkehelselova. Lov om folkehelsearbeid, 24. juni 2011.
- Kulturminnelova. Lov om kulturminner, 9. juni 1978.
- Lakse- og innlandsfiskelova. Lov om laksefisk og innlandsfisk mv., 15.mai 1992.
- Matlova. Lov om matproduksjon og mattrygghet mv., 19. desember 2003.
- Dyrevelferdslova. 19. mai 2009. Forskrift: FOR-2008-06-17-823 Forskrift om etablering og utvidelse av akvakulturanlegg, zoobutikker m.m.
- Energilova. Lov om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m., 29.06.1990. desember 2003.
- Vassdragslova. Lov om vassdrag og grunnvann, 24. november 2000.
- Forurensingslova. Lov om vern mot forurensninger og om avfall, 13. mars 1981.
- Minerallova. Lov om erverv og utvinning av mineralressurser, 19.06.2009.
- Havenergilova. Lov om fornybar energiproduksjon til havs, 04.06.2010.
- Klimalova. Lov om klimamål, 16. juni 2017.
- Informasjonskontrollloven. Lov om informasjon om bestemt angitte områder, skjermingsverdige objekter og bunnforhold, 21. juni 2017.

2.4.8 Vassforskrifta (Forskrift om rammer for vannforvaltningen)

Vassforskrifta gjeld frå 1.1.2007. Forskrifta er heimla i forurensningslova, plan- og bygningslova og vassressurslova. Oppdatert vegleiar frå KMD om bruk av vassforskrifta § 12 i plansamanheng blir lagt til grunn for planarbeidet⁸. Hovudmålet med vassforskrifta er å sikre god miljøtilstand i vatn, både vassdrag, grunnvatn og kystvatn. Havområda til Aukra og Hustadvika inngår i Møre og Romsdal vassregion. Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for oppfølging av vassforskrifta lokalt.

Sjøarealplanen for Aukra og Hustadvika skal lagast i samsvar med vassforvaltningsforskrifta og ta omsyn til det pågåande forvaltningsplanarbeidet i regi av Møre og Romsdal fylkeskommune. Siste oppdaterte forskrift gjeld for tidsrommet 2022 – 2027.

2.4.9 Nasjonale forventningar

- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019 – 2023 av 14. mai 2019
- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen (2021)
- Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet
- Statlige planretningslinjer for klima og energi
- Lower og retningslinjer for planlegging og ressursutnytting i kystnære sjøområder, rundskriv H-6 18
- Meld. St. 40 (2020-2021) Mål med mening – Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innen 2030.
- Meld. St. 29 (2020-2021) Heilskapleg nasjonal plan for bevaring av viktige område for marin natur
- Meld. St. 30 (2018-2019) Samhandling for betre sjøtryggleik
- Meld. St. 16 (2014-2015) Forutsigbar og miljømessig bærekraftig vekst i norsk lakse- og ørretoppdrett (Havbruksmeldingen).
- Produksjonsområdeforskriften, FOR-2017-01-16-61 Trafikklyssystemet i havbruk⁹.
- Norges nasjonale miljømål
- Norsk rødliste for arter 2021, Artsdatabanken, 24.nov. 2021.

Vitenskapelig råd for lakseforvaltning 2022. Klassifisering av tilstanden til sjøørret i 1279 vassdrag. Temarapport fra Vitenskapelig råd for lakseforvaltning nr 9, s. 170.

2.4.10 Fylkes- og regionale planer

- Fylkesplan for Møre og Romsdal 2025-2028
- FylkesROS Risiko- og sårbarhetsanalyse Møre og Romsdal (2023)
- Regional delplan for kulturminner av regional og nasjonal verdi (2015)
- Regional vassforvaltningsplan i Møre og Romsdal vassregion 2022 - 2027

⁸ <https://www.vannportalen.no/sharepoint/downloaditem?id=01FM3LD2TRDUKDH7HEGBHKZPUTZNOOSLL>,

<https://www.vannportalen.no/sharepoint/downloaditem?id=01FM3LD2UMZ2FPJJACV5EJS7LVN5NV5UJ2>

⁹ <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/fargelegging-i-trafikklyssystemet-i-havbruk/id2917698/>

- Regional plan for vassforvalting i Vassregion Møre og Romsdal 2022 – 2027
- Fylkesstrategi for miljø, klima og energi 2023-2026 (2023)

2.4.11 Gjeldande arealplanar i sjø:

Aukra kommune:

- Kommuneplan for Aukra, arealdelen (2017)
- Kommuneplan for Aukra, samfunnsdelen (2019)
- Kommuneplan for Sandøy, arealdelen (2015). Gjeld Orta og Lyngværet.
- Hovudplan for avløp (2021)
- Klima- og miljøplan (2021)
- Helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse (2019)
- Kulturminneplan for Aukra (rev. 2020)
- Kulturmiljøplan for Aukra kommune (2024)

Hustadvika kommune:

- Kommuneplanens arealdel for Fræna 2015 - 2027
- Kommuneplanens arealdel for Eide 2004 - 2016
- Kommuneplan for Hustadvika, samfunnsdelen (2020)
- Hovudplan for vatn og avløp (2024)
- Overordna ROS-analyse, Hustadvika kommune (2024).
- Klima-, energi- og miljøplan (2023).
- Kulturminneplan 2020 – 2023 (Fræna), Kulturminneplan 2017 – 2021 (Eide)
- Sjøarealplan Nordmøre (Eide, 2018)
- Arealbruksplan for Atlanterhavsveien (kommunedelplan, 2005)

2.5 Rettsverknad av planen

Sjøarealplanen er ein kommunedelplan, jamfør plan- og bygningslova (PBL) § 11-1, 3. ledd. Kommunane har samarbeidd om planarbeidet etter PBL kapittel 9 og prosedyrereglane i § 9 – 2.

Kvart kommunestyre gjer endeleg planvedtak for sitt sjøområde, jamfør § 9 -3. Endeleg planvedtak fastset framtidig arealbruk og er bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak. Planvedtaket er felles forvaltingsgrunnlag for kommunal, regional, statleg og privat verksemd i planområdet, jf. PBL § 3-1. Kommunane har i tillegg utarbeidd ein samarbeidsavtale om gjennomføring av planen i samsvar med PBL § 9-6.

2.5.1 Samordning mellom generell lov og sektorlov

Plan- og bygningslova og naturmangfaldslova er døme på lover som har eit breitt virkefelt, og dei gjeld for alle deler av landet for dei tiltaka som lovene nemner. Desse lovene er døme på generelle lover. Sektorlov er kjenneteikna med å gi reglar for eit snevrare samfunnsområde. I vår samanheng er akvakulturlova og havressurslova døme på sektorlover. Det er eit gjeldande rettsprinsipp at sektorlov gjeld framfor generell lov. I ein diskusjon om kva konsekvensar dette prinsippet kan få dersom det oppstår motsetnad mellom vedteken arealbruk etter generell lov og sektorlov, kan utfallet vere uklart. Manglande avklaring kan få innverknad for denne sjøarealplanen, konkret knytt til forvaltning av viltlevande marine ressursar – hausting av tare.

Denne kommunedelplanen har vedtekne føresegnssområde som set grenser for taretråling i nokre delar av kommunane. Dette er heimla i PBL §§ 11–7 nr. 6 og 11-11 nr. 3. Nye haustingsløyve i desse områda er avhengig av godkjenning etter både plan- og bygningslova og havressurslova.

3. Planprosess

Fase 1. Utarbeiding av planprogram, melding om oppstart.

Fase 2. Innspel til planprogram.

Fase 3. Arbeid med hovudplan, medverknad.

Fase 4. Politisk godkjenning av plan for høyring.

Fase 5. Innarbeidelse av innspel frå høyring.

Fase 6. Politisk godkjenning av plan for høyring.

Fase 7. Arbeid med høyringssvar, politisk sluttgodkjenning av plan.

3.1 Krav til innhald og samarbeid

3.1.1 Planprogram

Det er laga planprogram som grunnlag for planarbeidet etter reglane i PBL § 4- 1.

Planprogrammet vart utarbeidd hausten 2021, og melding om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram vart annonsert i februar 2022. Det kom inn 23 innspel / merknadar til planprogrammet. Planprogrammet vart vedteke i begge samarbeidskommunane sine kommunestyre den 19.05.2022. Sjå planprogrammet med sakshandsaming i vedlegg.

3.1.2 Ressurs- / referansegruppe, arbeidsgruppe

Kvar kommune i plansamarbeidet har si eiga rolle som planmynde. Samarbeidet mellom kommunane i planprosessen er søkt gjennom styringsgruppa og prosjektleiar.

Arbeidsgrupper har blitt danna etter behov. Med bakgrunn i Aukra kommune sin særskilde kompetanse innan kulturminne vart det tidleg sett ned ei arbeidsgruppe med oppgåve å skaffe kunnskap om alle kjende kulturminne i kommunane som kunne få verknad for planarbeidet. Vidare vart det danna ei arbeidsgruppe for å handtere kartarbeidet i eit samarbeid mellom prosjektleiar og innleigd konsulent, Norconsult AS. Det same samarbeidet gav verdfulle innspel også til planprosess og medverknad. Samarbeidet med Norconsult AS vart utvida til gjennomføring av konsekvensvurderinga av innspel til arealbruk. Ei arbeidsgruppe samansett av tre medarbeidarar i Norconsult AS og prosjektleiar har stått for dette arbeidet.

3.1.3 Møte med næringsforum og Webinar

I samband med høyring av planprogrammet vart det i samarbeid med Aukra næringsforum og Hustadvika næringsforum arrangert eit møte i mars 2022 med orientering om planarbeidet. Ved opninga av innspelsfasen til planarbeidet, arrangerte prosjektet eit webinar (juni 2022) med orientering om planarbeidet og presentasjon av eit digitalt, kartbasert verktøy for innmelding av nye arealbruksføremål i planområdet. Invitasjon til webinarret var lagt ut på kommunane sine heimesider og med særskild invitasjon via e-post til eit utval av næringsutøvarar og interesseorganisasjonar.

3.1.4 Ny kunnskap

Det er henta inn lokal kunnskap om utvikling av fiskeressursane langs Hustadvika frå lokale fiskarar og frå Strømsholmen Sjøsportsenter som har observasjonar knytt til undervass-safari. Alle rapporterer om nedgang i fiskeressursane. Særskild er nemnd: Steinbit, flyndre, leppefisk og hummar. Lokal kunnskap er samla i eit eige vedlegg til planen.¹⁰ Meldte observasjonar er få. Validiteten av denne kunnskapen aleine er dermed svak. Han er kvalitativ og bygger på observasjonar av merkbare endringar. Nedgang i fiskebestandar er eit nasjonalt fenomen og kan lokalt vanskeleg knytast til konkret utnytting av ressursane i havet. Like fullt er dette observasjonar frå lokale brukarar som kjenner kysten godt. Bekymringane er eit varsko om miljøtilstand og bør kunne definerast inn som ein del av kunnskapsgrunnlaget, jamfør naturmangfaldslova § 8, andre ledd og styrke vektlegging av føre-var-prinsippet i same lov § 9.

3.1.5 Planforum og medverknad frå sektormynde

Det er arrangert to planforummøte i løpet av planprosessen, eitt ved oppstart og eitt før første planforslag vart lagt ut til høyring. Undervegs i planarbeidet har det vore særskild kontakt med fleire sektormynde for avklaringar og innspel (blant anna separate teamsmøte med Fiskeridirektoratet og Kystverket). Politikarane i kommunane med ansvar for sjøarealplanen, var samla til felles orienterings- og drøftingsmøte 07.11.2022.

3.1.6 Kartportal

Det er brukt interaktive kart i medverknadsprosessen, i form av ein kartportal. Vi har erfart at dette verktøyet har gjort medverknadsprosessen meir inkluderande og forståeleg. Kartportalen vart tilpassa slik at ulike temadata frå ulike offentlege leverandørar kunne hentast inn og brukast av alle til sine eigne analysar i samband med levering av innspel. Dei same temadata er seinare brukte i konsekvensvurderinga. Innspel til ny arealbruk, konsekvensutgreiingar av arealbruk, og til slutt forslag til plankart har vore offentlege gjennom kartportalen.

I innspelsfasen har brukarar av sjøområda og interessentar elles kunne teikne inn forslag til arealbruk og legge ved tekstlege kommentarar. Innspel og kommentarar har vore opne for innsyn etter kvart som dei vart lagde inn. Mange har dermed kommentert andre sine innspel i samband med sine eigne forslag. Dermed har prosjektleiinga tidleg kunne fange opp mogelege interessekonfliktar, ein kunnskap som har vore nyttig i samband med konsekvensvurderinga.

¹⁰ Lokalt kunnskapsgrunnlag, vedlegg 3




Fig. 4 Kartutsnitt som viser døme på kartportalen i innspelfase

3.1.7 Media og kunngjeringar

Ved alle større milepæl i prosjektet har materiale om planen vore presentert via kommunane sine heimesider (høyringar, webinar, orienteringsmøte). Pressa har fått orientering og invitasjon, men har ikkje vist interesse for å omtale saka.

3.1.8 Oversikt, medverknad og møte

Tabell 1 viser eit utval møte og dialogar som er gjennomført i prosess. Deltakarane i møtene: Ressursgruppe (RG), arbeidsgruppe (AG), offentlege instansar (OI).

Deltakarar	Planfase og møteform	Periode	Tal
	Fase 1 – Planprogram		
OI	Planforum, fylkeskommunen	Haust 2021	1
OI	Oppstart, planarbeid og vedtak om høyring av planprogram	Jan 2022 Febr 2022	2
OI	Aukra Ungdomsråd, Hustadvika ungdomsråd, Hustadvika eldreråd	Vinter / vår 2022	3
OI	Merknadshandsaming og vedtak om planprogram	Vår 2022	2
RG	Omya Hustadmarmor AS, Aukra Næringsforum / Hustadvika Næringsforum	Vår 2022	2
	Fase 2 - Innspelsfase		

RG	Orienteringsmøte – Vikomar AS, Strømsholmen Sjøsportssenter, Tunikat AS, Salmon Evolution AS	Sommar / haust 2022	4
RG	Webinar. Presentasjon av kartportal i samarbeid med Norconsult AS. invitasjon til innspel (næringsaktørar og andre).	Sommar 2022	1
	Fase 3 - Utgreiingar		
OI / RG	Vurdering av metode for KU – Fiskeridirektoratet, Møre og Romsdal fylkeskommune, Norske Shell, Sjømat Norge	Haut 2022	4
AG	Teamsmøte mellom innleigde konsulentar, Norconsult AS og Lode plankompetanse AS	Haut 2022	3
OI	Orienterings- og drøftingsmøte med politikarar i kommunane	November 2022	1
AG	Teamsmøte med Kystverket / Norconsult AS / prosjektleiar om KU-forslaga	Januar 2023	1
AG	Teamsmøte mellom plankonsulentar og NordiOcean AS	Januar 2023	
OI	Særmøte med Kystverket og Fiskeridirektoratet	Februar 2023	
OI	Planforummøte, fylkeskommunen	Mars 2023	
	Fase 4 - Planforslag		
OI	Offentleg høyring	Mai 2023	
	Fase 5. Innarbeidelse av innspill fra høyring.	Høst 2023- februar 2025	
OI / AG	Underveismøte med Statsforvaltaren	03.07.24	

Nordic Halibut AS, Ørjavika Kapasitet:
1560 MTB; kveite. Sjø.

Nordic Halibut AS, Krekvikbogen Kapasitet:
1560 tonn MTB; kveite. Sjø.

Tunicat AS, Ramsvikneset
Kapasitet: 62 tonn MTB; sekkyd. Sjø.

4.1.1 Marknadsutviklinga for havbruksnæringa i planområdet

Nordic Halibut				
	2019	2020	2021	2022
Brutto produksjon (tonn)	322	557	678	834
Driftsinntekter (1000 kr)	52 032	34 662	70 905	80 189
Driftsresultat (1000 kr)	24 161	795	54 726	-
Tal tilsette	11	10	12	16

MOWI ASA				
	2019	2020	2021	2022
Brutto produksjon (tonn)	Børsnotert selskap som berre rapporterer på konsern-nivå. Mowi Vest (Sognefjorden – Hustadvika) produserte i 2021 65220 tonn sløyd fisk med operasjonelt driftsresultat på 55,3 millionar euro (om lag 553 millionar kroner).			
Driftsinntekter (1000 kr)				
Driftsresultat (1000 kr)				
Tal tilsette pr lokalitet: 7-9. Tre lokalitetar i vårt område.	20 - 30	20 - 30	20 - 30	20 - 30

Lerøy Midt				
	2019	2020	2021	2022
Brutto produksjon (tonn)	64 780	67 908	72 590	-
Driftsinntekter (1000 kr)	3 806 454	3 734 227	4 141 081	-
Driftsresultat (1000 kr)	853 665	700 943	759 769	-
Tal tilsette	10	10	10	-
Måsøval				
	2019	2020	2021	2022

Brutto produksjon (tonn)	820	1 976	2 708	3 767
Driftsinntekter (1000 kr)	61 490	-	248 353	20 506
Driftsresultat (1000 kr)	8 887	642	75 170	2 123
Tal tilsette	3	6	8	8

DuPoint Nutrition Norge AS (taretråling)				
	2019	2020	2021	2022
Brutto produksjon (tonn)	Årleg produksjon er om lag 15 000 tonn.			
Driftsinntekter	Omtrentleg omsetningsverdi pr år er om lag 150 millionar kroner.			
Driftsresultat (1000 kr)	-	-	-	-
Tal tilsette	6	6	6	6

Vikenco AS				
	2019	2020	2021	2022
Brutto produksjon, filètråstoff (tonn)	15 117	19 390	24 843	29 351
Brutto produksjon, slakt (tonn)	26 080	7 798	18 629	16 368
Driftsinntekter (1000 kr)	1 653 903	2 536 234	3 164 477	4 153 000
Driftsresultat (1000 kr)	78 470	51 490	94 476	100 698
Tal tilsette	113	142	228	243

Salmon Evolution Norway AS har nett starta produksjonen på det landbaserte anlegget på Indre Harøy. Første innsett er slakta i november 2022. Første byggetrinn blir ferdig våren 2023. Andre byggetrinn er planlagt med oppstart i 2023. Siste byggetrinn er planlagt ferdig i 2027/2028. Selskapet er børsnotert, og tal for økonomi er ikkje tilgjengelege.

4.1.2 Planforslaget sett i lys av St. meld om vekst i havbruksnæringa

I Stortingsmeldinga om vekst i havbruksnæringa¹¹ har Regjeringa innført ei trafikklyssordning¹² som regulerer utviklinga av havbruksnæringa¹³ med bakgrunn i lakseluspåverknaden. Vårt planområde inkluderer to produksjonsområde: Stadt til Hustadvika (område 5) og Nordmøre og Sør-Trøndelag

¹¹ Meld. St. 16 (2014-2015) Forutsigbar og miljømessig berekraftig vekst i norsk lakse- og ørretoppdrett.

¹² <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/fargelegging-i-trafikklyssystemet-i-havbruk/id2917698/>

¹³ [Fargeleggingen i trafikklyssystemet i havbruk er klar - regjeringen.no](#)

(område 6). Område 5 har fått gul farge som inneber ingen endring. Område 6 har fått grøn farge, her kan produksjonskapasiteten aukast med inntil 6 prosent. Nærings- og fiskeridepartementet gjer vurdering om fargelegging kvart 2. år. Oppdrettarar som fyller vilkår for unntak (produksjonsområdeforskriften,) kan få tilbod om inntil 6 prosent auke uavhengig av kva farge produksjonsområdet har fått.

4.2 Fiskeri

Vikomar AS er lokalisert i Harøysundet i Hustadvika. Bedrifta er spesialisert på mottak av sild og makrell. Årleg produksjonsvolum har dei siste åra (5 år) vore om lag 55000 tonn. Brutto omsetning har på same tid auka frå 475 mill. kr til 703 mill kroner (2021). Marknaden er størst i Asia, EU og AustEuropa. Etterspørselen er aukande. Bedrifta har 80 fast tilsette og er i gang med rekruttering av 40 nye.

O. Skarsbø AS er også lokalisert i Harøysundet. Bedrifta har mottak av alle typar ferskfisk og skaldyr frå sjarkflåten og sel frosen fisk og produserer elles saltfisk, klippfisk og tørrfisk. Omsetningstal dei siste åra ligg på om lag 75 mill. kroner. Tilsette: 33. (Tal frå Proff.no).

4.3 Reiseliv i Ytre Romsdal og Nordmøre

Reiselivet i Aukra og Hustadvika har vore i positiv utvikling fram mot 2019. I 2020 og 2021 blei det, som i resten av verda, ein kraftig nedgang som følgje av korona-pandemien, noko som har skapt utfordringar for fleire av reiselivsaktørane i området. I 2022 har ein opplevd at mykje av aktiviteten har tatt seg opp igjen. Reiselivet i regionen er i stor grad knytt til sjø og andre naturområde, og ein stor del av reiselivsaktørane i området gjer uttrykk for at sjøområde har stor betydning for den turismen vi har i regionen vår.

Mange av aktørane tilbyr utleige av utstyr, då i størst grad båtar, men og kajakkar, sup-brett og liknande. Nokre få aktørar tilbyr og turar med egen guide.

For fisketurisme er det viktig å bevare eit godt og variert fiske, med tilgang på gode fiskeplassar, både frå båt og frå land. For andre delar av turistnæringa er det viktig å bevare miljø der det er egna for andre typar friluftsliv.

Reiselivsaktørar i Hustadvika	Reiselivsaktørar i Aukra
Strømsholmen Sjøsportsenter, Atlanterhavsvegen Lillevik Hytter, Vevang Eide feriehus, Vevang Bud Camping, Bud Ståle Vågen Rorbuferie, Bud Bryggjen i Bud, Bud Blåhammer Camping, Bud Tornes Fjordcamping, Tornes Hustadvika Havhotell, Farstad Bjølstad Camping, Malmefjorden OmYoga, Stavika Hustadvika Adventure, Elnesvågen	Gossen Feriesenter, Tangen Eidskrem Panorama, Julsundet Classic Norway Hotels, Flatflesa fyr

5. Planforslaget, utgreiing

Ved oppstart av planarbeidet vart gjeldande arealplanar lagt til grunn, og det vart laga eit nytt kartgrunnlag for planarbeidet ut frå det eksisterande kartgrunnlaget. Aukra kommune sin arealdel hadde ein svært detaljrik kystkontur. Punktmengda viste seg å bli for stor til å kunne handterast elektronisk i eit samla plankart, og strandlinja / kystkonturen vart difor definert gjennom FKB-data med ein forenkla punktstruktur. Kote 0 er definert ved middel høgvatn. Ytre grense for planområdet er ei nautisk mil utafor grunnlinja. For gjeldande reguleringsplanar som strekkjer seg ut i sjøen (utfyllingsareal, næringsareal, hamneområde, småbåthamner m.m.), er plangrensa trekt i reguleringsgrensa.

5.1 Framtidige utfordringar¹⁴

5.1.1 Energiproduksjon

Det er ikkje konkrete planar for vindkraftproduksjon i våre område anna enn gjennom Havsul I – prosjektet, i gruntvassområdet utafor Harøya i Ålesund kommune. Området er konsesjonssøkt med utsett igangsetjingsløyve til 01.01.2025. Aukra kommune er involvert som ilandføringsstad for krafta, med sjøkabel og vidare kabling over land til innmating på NVE sin trafostasjon ved Nyhamna gassanlegg. Planlegging av kabeltrasè er ikkje starta opp og vil når dette er aktuelt, skje etter energilova. Tema som vindkraft og bølgekraft kan vere aktuelle for framtidig revisjon av sjøarealplanen. Energiproduksjon i form av bioenergi kan bli aktuelt med råstoff frå havet.

5.1.2 Nye oppdrettsartar

Det er sett av areal til oppdrett av algar og blautdyr, spesifisert til taredyrking og dyrking av tunikatar i denne planen. Areal til produksjon av andre lågtrofiske artar er ikkje vurdert i denne omgang. Utviklinga på området kan raskt vise seg i ønske om slike produksjonsområde. I denne planen er det vald å setje av konkrete område til tareoppdrett og oppdrett av tunikatar ut frå det kunnskapsgrunnlaget ein har i dag om desse artane. Det kan seinare vere aktuelt å utvide bruksområdet i avsette lokalitetar og etablering av nye lokalitetar til nye oppdrettsartar etter som kunnskapsgrunnlaget og behovet aukar.

5.1.3 Ny teknologi i tradisjonell oppdrettsnæring

Det er ei pågåande teknologiutvikling omkring semilukka anlegg. Ideen baserer seg på nøter med tett botn og pumpesystem for oppsamling av sedimentierende organisk materiale. Dette for å minske belastninga på den lokale resipienten, og for å kunne ta i bruk lokalitetar i fjordsystem med avgrensa vassutskifting, vassvolum og dybde.

Landbaserte oppdrettsanlegg er ei anna teknologiretning. Som for lukka anlegg i sjø, er denne typen anlegg også konstruert med tanke på å ha full kontroll med alle innsatsfaktorar.

Planarbeidet legg ikkje opp til aktivt å leite etter eigna areal for denne type ny teknologi. Her vil ein vere avhengig av kompetanseutviklinga og invasjonen i næringane.

5.1.4 Turisme, transport (fritidsfartøy, ribb, vasscooter)

Turistnæringa i kystnære område nyttar havet til naturopplevingar. Turar med båt viser havet med naturkrefter, fauna og næringstilgang. Det kan vere behov for tilrettelegging for båttrafikk der omsyn til oppleving og omsyn til sårbar natur blir vega mot kvarandre. Konkrete innspel til tiltak er ikkje mottatt. Støy og stor fart med båt kan vere ei utfordring. Denne planen seier lite om denne problemstillinga anna enn at føresegnene set grense for særleg støyande båttrafikk. På Sunnmøre

¹⁴ Sjå også punkt 2.1 frammafor.

(t.d. Runde) der ein har båtsafari som ein del av turistnæringa, er behovet for regulering av båttrafikk eit aktuelt tema. Turistnæring vil vera eit framtidig satsingsområde i kommunane, og regulering av båttrafikk i ein slik samanheng, kan bli aktuelt for framtidige revisjonar av planen.

5.1.5 Mineralutvinning

Temaet synest å vere lite aktuelt no. Førebels diskusjon er knytt til djuphavsressursar knytt til kontinentalsokkelen. I tidlegare tider har uttak av skjelsand vore ein aktivitet i planområdet. Ressursane er der enno, men synest ikkje å ha økonomisk interesse. Det er difor ikkje lagt føringar for ei slik ressursutnytting i denne planen. Temaet kan likevel bli aktuelt i framtidige revisjonar av planen.

5.2 Utgreiing om tiltak, tiltaksdel

Planforslaget legg til rette for endringar, justeringar og vidareføring av gjeldande arealføremål i plankartet og for heilt nye tiltak med tilhøyrande arealbruk. Andre endringar, revisjonar og nye føremål er knytt til lovpålagte omsynssoner (skred, naturmiljø, restriksjonsområde) og areal for verdfulle fellesressursar / naturressursar som fiskeområde og gytefelt.

I dette kapittelet, tiltaksdelen, vil merksemda vere mest knytt opp til eksisterande og ny arealbruk for akvakultur.

1. Innspel til nye arealføremål der det ikkje er anna form for drift frå før, blir utgreidd som eit nytt tiltak. Forslag til nye arealføremål der det nyleg er gjeve dispensasjon for tiltaket, og området ikkje er teke i bruk etter løyvet, blir også utgreidd som eit nytt tiltak.
2. Innspel til endring av gjeldande arealføremål. I tilfelle der det i gjeldande arealplan er sett av areal til føremålet og dette blir søkt endra (justering/utviding, endring frå fleirbruksområde til ein-bruk akvakultur) er det endringa som blir utgreidd.

Planforslaget har 29 nye (eller endra) forslag til arealbruk som er utgreidde:

- 2 forslag til ankringsområde
- 1 forslag til deponiområde
- 1 forslag om muddring / utdjuping av farlei
- 13 forslag til taredyrking
- 2 forslag til tunikatoppdrett
- 10 forslag om nye eller endringar i eksisterande fiskeoppdrettslokalitetar (generell akvakultur)

Av dei 10 forslaga som gjeld akvakultur, er 8 forslag om endring/justering av plankartet der det i eksisterande plankart delvis er sett av føremål til akvakultur eller fleirbruksområde for akvakultur.




Fig 6. Oversikt, konsekvensvurderte innspel til arealbruk. Blå: Tiltrådte anlegg (evt m/justeringar). Raud: Ikkje tilrådd.

5.3 Hovudføremål, arealbruk: Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (V / SOSI 6001)

Arealføremålet *Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone* er ein generell arealbrukskategori med spesifiserte underføremål (6), PBL § 11-7, nr. 6. Koden blir brukt der det er få brukskonfliktar og der det ikkje trengst nærare avklaring om bruk. For område der kommunane bruker hovudføremålet, skal det i naudsynt grad gjevast føresegner og retningslinjer som klargjer vilkår for bruk og vern. Om naudsynt, kan arealbruksføremålet følgjast opp med føresegner som set vilkår om bruk og vern av området, PBL § 11-5.

5.4 Fiske (VFI / SOSI 6300)

Arealføremålet viser område som er prioritert til fiske og hausting av viltlevande marine organismar der det er viktig å hindre faste installasjonar eller annan ekskluderande arealbruk. Fiske er ikkje avgrensa til desse områda, men markerer ei grense for fleirbruk som kan verke negativt på hovudføremålet.

Følgjande tema er lagt til grunn for bruk av kode for fiske:

- Felt for aktiv reiskap.
- Felt for passiv reiskap.
- Alle aktive reketrålefelt med regional interesse.
- Regionalt viktig gytefelt (MB) registrert av Havforskningsinstituttet.
- Alle gytefelt uavhengig av art, registrert av Fiskeridirektoratet.
- Låsettingsplassar. Viser område sett av til låsetting og levandelagring av fisk.

5.5 Akvakultur (VA / SOSI 6400)

Situasjonen i dag

Havbruksnæringa i Aukra og Hustadvika utgjør i dag 14 lokalitetar. Hovudproduksjonen er laks og sjøaure (6 lokalitetar). Det finst også eitt anlegg for oppdrett av sjørøye, to anlegg for oppdrett av kveite, tre anlegg for settefisk (laks, aure, berggylt), eitt anlegg for sekkedyr (under oppstart) og eitt slakteanlegg.

Eigarstrukturen varierer frå store regionale selskap til mindre lokale.

Ved oppstart av planarbeidet var oppdretts-lokalitetane i Aukra kommune og tidlegare Fræna kommune i hovudsak viste i dei respektive kommuneplankarta. Tidlegare Eide kommune sin arealdel, med tilhøyrande kommuneplankart, er så gammalt at etableringar som er gjorde anten i avsett føremålsområde eller etter dispensasjon, må registrerast i nytt kommuneplankart. For planområdet elles gjeld at nyare løyve som er gjeve med dispensasjon frå gjeldande arealplan eller etter handsaming av innspel til sjøarealplanen, må registrerast i plankartet.

Kartutsnitt som viser eksisterande lokalitetar i planområdet er vist i punkt 4.1.

5.5.1 Akvakulturføremål i planforslaget

Ønske om vekst i eksisterande produksjon eller ny produksjon treng meir areal og nye lokaliseringar. Dei fleste av dei nye lokalitetane legg til rette for vekst gjennom innovasjon og teknologiutvikling.

Opplistinga i tabell 1 viser gjeldande status for lokalitetane, kva arealbruksendring som er ønskeleg eller om det er heilt nye område ein ønsker å ta i bruk. Tabellen viser ulike kategoriar av planforslag som er konsekvensutgreidd:

1. Nytt føremål. Dette er ønske om ny arealbruk der slik ikkje er avsett tidlegare. Det same gjeld område som nyleg har fått dispensasjon frå gjeldande arealbruk, men der området enno ikkje er tatt i bruk til føremålet.
2. Endring av gjeldande arealføremål. Dette gjeld areal der det er ønske om endring av gjeldande føremål (til dømes justering og/eller utviding frå fleirbruksområde til einebruksområde). Her er det endringa som blir utgreidd.
3. Vidareføring av gjeldande føremål – ingen endring i høve til gjeldande arealplan.

Følgande område er sett av til akvakultur for ulike artar, jf. PBL § 11-11, pkt. 7:

Tabell 2. Opplisting av område for produksjon av laks, sjøaure, aure i sjø. Tabellen viser ID knytt til kommunenummer, arealbrukskategori og stadnamn: Nye, eksisterande bruk, endring eller utviding.

ID	Namn	Kommune	Arealbruksendring	Kommentar
1547 – AKV_1, AKV_4, AKV_5	12239 Kråknes	Aukra	Vidareføring av eksisterande føremål	
1547 – AKV_2, AKV_6	12988 Aukrasanden	Aukra	Vidareføring av eksisterande føremål	Auke av formål er tatt med i planen for å legge til rette for næring. Dette tross KU som sier at tiltaket ikkje anbefales.
1547 – AKV_3, AKV_15	31677 Sandholmane	Aukra	Vidareføring av eksisterande føremål	
1547- AKV_10	39937 Orholmen	Aukra	Vidareføring av eksisterande føremål	
1579 – AKV_1, AKV/_9	22335 Storvika	Hustadvika	Vidareføring av eksisterande føremål	

1579 – AKV_5	13021 Gaustad	Hustadvika	Vidareføring av eksisterende føremål	
--------------	---------------	------------	--------------------------------------	--

Tabell 3. Opplisting av område for produksjon av berggylt i sjø og røye i ferskvatn. Tabellen viser ID knytt til kommunenummer, arealbrukskategori og stadnamn: Nye, eksisterande bruk, endring eller utviding.

ID	Namn	Kommune	Arealbruksendring
1579 –	45082 Årsbogen (berggylt)	Hustadvika	Vidareføring av eksisterande føremål. Under oppstart
1579 –	35837 Løken gård (røye)	Hustadvika	Vidareføring av eksisterande føremål. Mindre anlegg på land.

Tabell 4. Opplisting av område for produksjon av tare og tunikatar (sekkedyr). Tabellen viser ID knytt til kommunenummer, arealbrukskategori og stadnamn: Nye, eksisterande bruk, endring eller utviding.

ID	Namn	Kommune	Arealbruksendring
1579 – AKV_2	Isingvågen (tunikat)	Hustadvika	Nytt føremål
1579 – AKV_6	45114 Ramsvikneset (tunikat)	Hustadvika	Vidareføring av eksisterande føremål
1547 – AKV_7	Kalvøya sør (tare)	Aukra	Nytt føremål
1547 – AKV_8	Gullholmen (tare)	Aukra	Nytt føremål
1547 – AKV_9	Kvernholmen (tare)	Aukra	Nytt føremål
1547 – AKV_11	Nord Orten (tare)	Aukra	Nytt føremål
1547 – AKV_13	Småskjera sør (tare)	Aukra	Nytt føremål
1547 – AKV_14	Kobbeskjera (tare)	Aukra	Nytt føremål
1547 – AKV_16	Lyngværet (tare)	Aukra	Nytt føremål
1547 – AKV_17	Kjølingen v/ Rindarøy (tare)	Aukra	Nytt føremål
1547 – AKV_18	Hamneskjæra (tare)	Aukra	Nytt føremål
1579 – AKV_7	Kalsneset (tare)	Hustadvika	Nytt føremål
1579 – AKV_8	Svansholmen	Hustadvika	Nytt føremål

Tabell 5. Opplisting av område for produksjon av kveite i sjø. Tabellen viser ID knytt til kommunenummer, arealbrukskategori og stadnamn: Nye, eksisterande bruk, endring eller utviding.

ID	Namn	Kommune	Arealbruksendring
1579 – AKV_3	28776 Krekvikbogen	Hustadvika	Vidareføring av eksisterande føremål
1579 – AKV_4	12929 Ørjavik	Hustadvika	Vidareføring av eksisterande føremål

5.5.1.1 Dyrking av tare og oppdrett av tunikat

Taredyrking er i rask utvikling. Det har kome fleire forslag til lokalisering av slike anlegg i løpet av planprosessen. Industriell dyrking av tang og tare opnar for produksjon av ein type biomasse som kan vere utgangspunkt for mange ulike produkt. Moderat etablering av slike anlegg er førebels ikkje rekna å ha konsekvensar for økologien i havet. Næringa undersøker om areal til taredyrking og tunikatproduksjon kan kombinerast gjennom vekselbruk. Planen legg til rette for slik kombinasjonsbruk.

5.5.1.2 Oppdrett av torsk

Sjøarealplanen har ikkje mottatt innspel om torskeoppdrett i vårt planområdet. Det er ikkje sett av spesifikke område for torskeoppdrett. Seinare planar bør vurdere ei spesifikk tildeling av oppdrettslokalitet for torsk basert på ei risikovurdering som kan samanliknast med den vi har i dag for villaks og sjøaure.

5.6 Naturområde (NO / SOSI 6700)

Området med bandleggingssone etter naturmangfaldslova er avsett til naturområde. Her er det ikkje tillate med tiltak etter plan- og bygningsloven.

5.7 Kombinert formål rundt akvakultur (VKA / SOSI 6800)

Det kan vere praktisk og nyttig at områda som blir nytta til akvakultur blir delt i areal for overflateanlegg (AKV) og areal til fortøyingsareal (VKA). Ei slik inndeling gir ei tydeleg føring for kvar anlegg og fortøying kan plasserast. Området, AKV, viser plasseringa av merdar og kvar ein kan flytte merdane medan det i området VKA berre er tillate å plassere fortøyingar. Kombinasjonsområdet gjev ikkje eksklusivitet for akvakulturaktivitet, men rommar også fiskeaktivitet og ferdsel.

Kombinasjonsføremålet, VKA, er vist i planforslaget der aktørane har gjeve slikt innspel til planarbeidet. Akvakulturområde utan kombinasjonsføremål er vidareført frå tidlegare plan. Her må overflateanlegg og fortøyingsareal plasserast innafor AKV – området.

5.8 Kombinert formål Fiske/Friluftsliv (FI/FRI / SOSI 6800)

Begge kommunane har utarbeidd planar for friluftslivet med oversikt over viktige friluftsområde. Desse planane er med som plangrunnlag i bruken av arealkoden friluftsområde i sjø. Rettsverknaden som følgjer av arealkoden, er at tiltak som vil vere til ulempe for føremålet ikkje er tillate, til dømes bøyer eller liknande innretningar.

5.9 Samferdsel og tekniske anlegg (Farlei / SOSI 1161)

Farlei blir vist med linjesymbol for samferdsel. Farleiareal blir vist med utstrekning. Dette er gjort i samråd med Kystverket for lettare å gi oversikt og forståing av plankartet. Hovudregelen er at farleiareal har ei utstrekning på 500 m der midtlinja viser hovudretninga for trafikken. Farlei-arealet omfattar viktig område for båttrafikk, inkludert sjøareal i hamner og fiskerihamner.

5.10 Føresegnsområde knytt til arealformål (PBL §11-7 nr. 6 & § 11-11, nr. 3)

Følgande område er avsett til føresegnsområde i planen:

#1 Gossa – Sør – Vest: Område med forbod mot taretråling.

#2 Stemma: Område med forbod mot taretråling.

#3 Frænfjorden, deponeringsområde godkjent for Omya Hustadmarmor AS.

#4 Harøysundet v/Lamholmen: Område for utdyping av seglingslei.

5.10.1 Føresegnsområde med forbod mot taretråling

I dei grunnare områda nord-vest for Gossa og langs heile Hustadvika er det store tarefelt av nasjonalt svært viktig verdi (Miljødirektoratet). Brunalgen stortare er dominerande art. Stortaren utgjør om lag 80 % av makroalgebiomassen langs norskekysten. Dei største førekomstane finst langs kysten av Møre og Romsdal og Trøndelag. Det har vore mekanisk høsting av tare langs kysten sidan 1970-talet, og høsting held fram i dag. Samla kyststrekning er inndelt i haustefelt, høstinga er heimla i havressurslova og er forvalta av Fiskeridirektoratet. Fiskeridirektoratet gjev i forskrift detaljert løyve til høsting. Høsting blir regulert ved at hausteområda blir delt inn i felt som er opne for høsting kvart 5. år. Undersøkingar konkluderer med at tarebiomassen er restituert 3-5 år etter trålinga, medan det tek 6-7 år før all flora og fauna er reetablert.¹⁵

Havforskningsinstituttet undersøker effekten av korleis taretråling verkar på økosystemet. Førebels konklusjonar er at trålinga tek ut ein så liten del av den totale taremassen (6% i løpet av 5 år) at verknaden for fisk og økosystemet elles er avgrensa¹⁶. Ein erkjenner likevel at kunnskapsgrunnlaget er mangelfullt. I forskinga er det sett av uhausta referanseområde som skal samanliknast med hausta område for å finne meir ut om dei økologiske samanhengane.¹⁷

Denne arealplanen har nedfelt føresegner for to føresegnsområde med unntak for taretråling, som lokale referanseområde der ein ønsker å sikre viktige oppvekstområde for lokale fiske- og skaldyrbestandar, funksjonsområde for sårbare fugleartar og sjå effekten av urørt botnvegetasjon.

Dette samsvarer med planføremålet om ei økosystembasert tilnærming, jmfør kap. 2 framanfor. Områda er kombinert med andre sterke samfunnsinteresser innan natur- og arts mangfald, friluftsliv, lokalt fiske, turistfiske, kystkultur, kulturminne og viktige naturtypar. Friluftssinteressene omfattar: Padling, dykking, snorkling, kiting, surfing, båtutfart med fiskeplassar, landgang på småøyar og sandstrender med badeliv. Dei to områda er #1 Gossa – Sør – Vest (Kjerringsundet – Sandholmane – Lyngværet – Karlsholmen) i Aukra og #2 Stemma i Hustadvika (Sandvika – Teistklubben – Kjeøya – Kilsundet – Vevangstraumen).

Nedanfor er ein tabell som viser til naturkvalitetar og samfunnsinteresser som føresegnsområda skal ta vare på. Informasjonen er delvis henta ifrå rapport om berekraftig taretråling.¹⁸

¹⁵ Opplysningar henta frå Fiskeridirektoratet si heimeside:

<https://www.fiskeridir.no/Yrkesfiske/Havmiljoe/Tarehoesting>

¹⁶ Artikkel, HI – heimeside: Taretråling har begrenset effekt på fisk.

<https://hi.no/hi/nyheter/2020/januar/taretraling-har-begrenset-effekt-pa-fisk>

¹⁷ Brev frå HI til Fiskeridirektoratet, 03.03.2020: Svar på bestilling – Anmodning om vurdering av det biologiske grunnlaget for forbudet mot tarehøsting i høstefelt 414E til 420A ved Vikna.

¹⁸ Havforskningsinstituttet (2021, sist oppdatert 2025). Bærekraftig taretråling.

<https://www.hi.no/hi/nettrapporter/rapport-fra-havforskningen-2021-46>

#1 Føresegnområde: GOSSA – SØR – VEST

Naturkvalitetar og samfunnsinteresser (ikkje uttømande)	Dokumentasjon
Marine naturtypar: -Viktige tareområde, A og B -Ålegras, lokalt viktig -Blautbotnområde, A	Kartlag i Yggdrasil (Fiskeridirektoratet)
Naturreservat, fuglefredingsområde, i sjø	Kartlag i Yggdrasil (Fiskeridirektoratet)
Gyteområde, torsk MB (kysttorsk) Gyteområde, skrei	Kartlag i Yggdrasil (Fiskeridirektoratet)
Arter av nasjonal særleg stor forvaltingsinteresse, Rødlistede og trua artar. (ærfugl (VU), havelle (NT), gråmåke (VU), fiskemåke (VU), sjøorre (VU), storspove (EN), lomvi (CR), vipe (CR), makrellterne (EN), myrhauk (EN), m.m.).	Kartlag i GIS-link (M&R fylkeskommune) Artar i parentes: Særleg stor forvaltingsinteresse
Friluftsområde, svært viktig	Kartlag i GIS-link (M&R fylkeskommune)
Tilgjengeleg strandsone	Kartlag i GIS-link (M&R fylkeskommune)

#2 Føresegnområde: STEMMA, HUSTADVIKA

Naturkvalitetar og samfunnsinteresser (ikkje uttømande)	Dokumentasjon
Marine naturtypar: -Viktige tareområde, A -Skjelsand, A -Blautbotnområde, A og B	Kartlag i Yggdrasil (Fiskeridirektoratet)
Arter av nasjonal særleg stor forvaltingsinteresse, Rødlistede og trua artar. (ærfugl (VU), gråmåke (VU), fiskemåke (VU), storspove (EN), svarthalespove (CR), gulnebbblom (VU), havelle (NT), m.m.).	Kartlag GIS-link (M&R fylkeskommune) Artar i parentes: Særleg stor forvaltingsinteresse
Friluftsområde, svært viktig	Kartlag GIS-link (M&R fylkeskommune)
Tilgjengeleg strandsone	Kartlag i GIS-link (M&R fylkeskommune)




Fig. 7 #1 Gossa – Sør – Vest. Taretrålingsfritt område i Aukra (rosa strek).




Fig. 8 #2 Stemma, Hustadvika. Taretrålingsfritt område i Hustadvika (rosa strek)

5.11 Omsynssoner (PBL §11-8)

Omsynssoner viser til omsyn og restriksjonar som har verknad for bruken av eit område, i tillegg til og uavhengig av arealføremålet. Det kan knytast føresegner til ei omsynssone, inkludert forbod, som er naudsynt for å unngå skade eller tap. Det kan vidare gjevast retningslinjer (ikkje juridisk bindande) om kva omsyn som skal ivaretakast ved praktisering av anna lovverk der kommunen har mynde. Område som er sårbare, er knytt til fare eller risiko er merka som omsynssone i planen.

5.11.1 Sikrings-, støy og faresoner (PBL § 11-8a)

H190 Sikringsone forureina grunn. Sona viser til område som er kartlagd forureina grunn i sjø.

H210 og H220 Støysone raud sone og gul sone. Sonene viser til område som går innunder raud og gul sone i støyforskrifta, T-1442.

H370 Omsynssone høgspenning. Sona viser høgspenningskabel i sjø.

5.11.2 Særlege omsyn (PBL § 11-8c)

Gjeld område der det skal takast særleg omsyn. Aktuelt er:

H560 Naturmiljø viser område der naturmiljø har prioritet.

H570 Kulturmiljø. Innafor omsynsona har kulturmiljøet prioritet. I planen er omsynssona brukt om kulturmiljø som er vidareført frå tidlegare planverk og supplert med eit eige delprosjekt mellom kulturfag i kommunane, Møre og Romsdal fylkeskommune og NTNU Vitskapsmuseet i Trondheim.

Delprosjektet har produsert eit temakart om kulturminne som er innarbeidd i sjøarealplanen sitt plankart.

5.11.3 Bandleggings-soner (PBL § 11-8d)

Område som er bandlagt medan ein venter på vedtak etter PBL eller andre lover, eller som er bandlagt etter eit slikt rettsgrunnlag. Aktuelle soner er:

H720 Omsynssoner for bandlegging etter lov om naturvern/naturmangfald.

H730 Bandlegging etter lov om kulturminne.

6 Konsekvensutgreiing (KU) og ROS-analyse

Kommunedelplanar skal alltid konsekvensutgreiast, jf. PBL § 4-2 og Forskrift om konsekvensutredninger § 6. For overordna planar kan konsekvensutgreiinga avgrensast til å vise planen sine verknadar på eit overordna nivå. Konsekvensutgreiinga sitt innhald skal vere tilpassa den aktuelle planen, skal ta utgangspunkt i relevant og tilgjengeleg informasjon og vere aktuell for dei avgjerslene som skal bli tekne. KU skal omfatte dei delane av planen som fastset rammer for framtidig utbygging, og som inneheld endringar av gjeldande planar. KU skal også gjere greie for alternativ lokalisering og teknologi, og val av alternativ skal grunngjevast ut frå samla verknad på miljø og samfunn. Oppsummert skal den samla påverknaden som alle tiltaka har på miljø og samfunn, vurderast. KU skal vidare gjere greie for eventuelle tema som treng nærare avklaring i samband med detaljplanlegging.

Mottekne innspel til arealbruk har kome til kartportalen i form av innteikna polygon med skriftleg merknad, som berre ein tekstleg merknad i kartportalen og som e-post innspel. Polygona vart viste i kartportalen. Reine tekstkommentarar har prosjektet lagt inn i kartportalen som eit tilfeldig punkt, også med klikk-høve for å få fram teksten. Ein del av innspela var ikkje mogeleg å kartfeste eller låg utafor kompetanseområdet til planen (til dømes forslag om vernesoner). Desse innspela har fått ei eiga vurdering i eit tekstvedlegg til planen, Innspel til KU i kartportal, punktmarkering og e-post, sjå vedlegg nr. 1: Innspel til KU i kartportal, sortert som innspel frå e-post og i kartportal som punktmarkering, merknadshandsaming.

6.1 Metode

KU for denne kommunedelplanen er gjort på eit overordna nivå, tilpassa planføremålet. Planforslaget viser KU-utgreiing for 29 nye eller endra tiltak. Utforminga av konsekvensutgreiinga bygger på Miljøverndepartementet sin vegleiar om konsekvensutgreiingar til kommuneplanen sin arealdel. Kvart nytt tiltak eller endring av tiltak er vurdert i eit skjema etter risiko- og sårbartema og ei rekke konsekvenstema. Etter førstegongs høyring er det gjort flerie vurderingar av samla belastning.

6.2 Spesifikk eller generell arealbrukskategori

Styringsgruppa for prosjektet hadde spørsmål om bruk av generell eller spesifikk arealkategori i planområdet oppe til drøfting i eit orienteringsmøte for politikarar i begge kommunane den 07.11.2022¹⁹. Konklusjonen vart at ein bestemte at prosjektet skulle bruke spesifikk arealbruk ved val av arealkategori. Av denne grunn er innspel om større areal til generell akvakulturbruk ikkje konsekvensvurdert. Sjå omtale i vedlegg 1, «Innspel til KU i kartportal, punktmarkering og e-post», innspelnr. 15, 16 og 17.

6.3 Forslag til verneområde

Fleire av innspela til ny arealbruk i planområdet handla om etablering av større verneområde i sjø, generelt vern og konkret forslag til artsvern (hummar). Sjå omtale i vedlegg 1, «Innspel til KU i kartportal, punktmarkering og e-post», innspelnr. 2, 3, 4, 7 og 14.

Etablering av verneplanar er ein lang planprosess og ligg utafor ansvarsområdet til plan- og bygningslova. Verneplanar av den storleiken som blir føreslått, må først etter naturmangfaldslova og / eller havressurslova. Initiativ til verneplanar kan kome frå kommunar.

7. Planforslaget sin verknad for miljø og samfunn

Sumverknadane av innspela til ny arealbruk gjennom KU- handsaminga blir i dette kapittelet lagt til grunn for vurderinga av samla verknad for miljø og samfunn, jamfør naturmangfaldslova § 8-12. Med visning til underpunkta nedanfor og dei tematiske konklusjonane med omsyn til samla verknad vil gjennomføring av tiltaka føre til auka aktivitet i sjøområda og med det noko auka belastning. Samla blir konklusjonen liten negativ til ingen konsekvens.

7.1 Risiko og sårbare tilhøve

Område med fare, risiko og sårbare tilhøve er sett av som omsynssone i planen, jamfør PBL § 11-8 og 11-6. Datagrunnlaget for skredfare ut mot sjø er svakt. Difor må det visast varsemd ved etablering i område som ligg nært bratt og skredutsett terreng, sjølv om området ikkje er markert som omsynssone.

Ein del aktivitet i sjø kan medføre akutt fare for forureining. Planforslaget legg opp til auka båttrafikk i området. Beredskap knytt til akutt forureining som følgje av auka trafikk bør difor styrkjast og knytast til det ordinære ROS – arbeidet i kommunane.

Ekstremvêr med vind, nedbør og bølger kan medføre skader på oppdrettsanlegg, båtar og bygg langs strendene. Skade på oppdrettsanlegg kan føre til rømming av fisk, forureining av strender (deler av byggverk) og fare for arbeidsfolk som arbeider på anlegga. Det blir lagt til grunn at byggverk blir dimensjonerte etter dei påkjenningane anlegga blir utsette for (NYTEK- forskrift, arbeidsmiljølov m.m.).

Planarbeidet har lagt vekt på å unngå at faste installasjonar kjem i konflikt med viktige farleier og kvit sektor. Skipstrafikk skjer i stor grad også utafor farleier og reint farvatn. Auka tettleik av faste

¹⁹ Vedlegg 2. Referat frå styringsgruppemøte den 29.11.2022, sak 26/2022, punkt 4.

installasjonar krev merksemd rundt ferdsel utanom hovudfarleier. Det er difor viktig at faste anlegg blir merka i samsvar med forskrifter og farvass-skilting.

7.1.1 Vurdering av planen sin verknad for risiko- og sårbare tilhøve

Kommunane meiner at sjøarealplanen har vurdert risiko og sårbare tilhøve i tilstrekkeleg grad og gjev konkrete innspel til kommunane sitt ordinære beredskapsarbeid. Desse vurderingane er gjort i konsekvensutgreiinga.

7.2 Kunnskapsgrunnlaget

Kunnskapsgrunnlaget er samla frå vitskaplege rapportar, nasjonale datasett for naturmangfald, samanhaldt kunnskap gjennom konsekvensvurderingar og planomtale, samt erfaringsbasert kunnskap gjennom intervju og skriftlege tilbakemeldingar²⁰. Kunnskapen og påviste verdiar gjennom planprosessen blir vurdert som godt dokumentert for kommuneplan-nivået.

7.2.1 Vurdering av kunnskapsgrunnlaget, jamfør naturmangfaldslova § 8-9

Kommunane finn at saka er tilstrekkeleg opplyst, jf. naturmangfaldslova § 8. Føre-var prinsippet er vurdert og har kome i bruk med omsyn til avgrensing av taretrålingsområde og i tilrettelegging for oppdrett av nye marine artar (tang/tare og tunikat).

7.3 Naturmangfald

- **Vassmiljø og botntopografi**

Botntopografi. Karakteristisk for sjøområda i Aukra og Hustadvika er to hovudfjordsystem, Julsundet/Harøyfjorden i vest, Lauvøyfjorden/Kornstadfjorden i aust og storhavet i vest og nord. Frænfjorden bryt av frå Julsundet austover, inn til Elnesvågen og vidare sørover til Malmefjorden. Frænfjorden, Malmefjorden og Kornstadfjorden er terskelfjordar med relativt store vassdjup innafor terskelen. Julsundet og Harøyfjorden har begge ei djuprenne ned mot 200 meter. Kornstadfjorden er også djup innafor terskelen, ned mot 180 meter. I overgangen mellom land og sjø er det i begge kommunane eit utal med øyar, bårar og skjer som utgjer eit rikt undervassmiljø (naturtypane tareskogar, blautbotn og skjelsandområde av svært stor verdi, lokalt viktige ålegrasenger) og er ei potensiell fare for sjøfarande. Hustadvika er kjent som eit av dei farlegaste sjøområda for ferdsel i dåleg ver langs heile norskekysten. Rike fiskefelt ligg mot vest og ut til Eggakanten der sjøbotnen stuper ned til 1000 – 1500 meter.

Vassmiljøet er prega av ope hav med god vassutskifting og god til svært god vasskvalitet. I sidefjordane Frænfjorden og Malmefjorden er det parti med meir stillestående vatn med lågt oksygeninnhald. Frænfjorden er sterkt påverka av kalsiumkarbonat - avgang frå bedrifta Omya Hustadmarmor AS. Bedrifta har utsleppsløyve og har etablert eit særskild miljøovervakingsprogram i samarbeid med Miljødirektoratet. I vann-nett.no har fjorden god økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand. Ingen av desse områda er aktuelle for akvakultur, og det er heller ikkje mottatt forslag om etableringar her. Kornstadfjorden har moderat økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand. Planforslaget legg til rette for auka produksjonsareal for kveiteoppdrett. Andre einskildverksemdar står for punktforureining der vasskvaliteten er sett til moderat (Nerbøvågen, Buktin i Aukra og Vevang i Hustadvika).

Interessant for vassmiljøet er etablering og utviding av område for tare og tunikatoppdrett. Verken tare eller tunikatar skal ha førmidar. Dei filtrerar store mengder sjøvann og bind næringssalt og står fram som biologiske reinseanlegg. I Isingsvågen kan eit oppdrettsanlegg for tunikatar gjere seg nytte

²⁰ Vedlegg 3. Lokalt kunnskapsgrunnlag

av næringssalta frå Nåsvassdraget og slik ha ein positiv verknad på vasskvaliteten. Planen legg til rette for slike anlegg, og kan dermed ha ein positiv verknad for den kjemiske tilstanden til kystvatnet.

Planforslaget sin samla verknad for vassmiljøet blir vurdert til å vere av ingen påverknad til liten positiv konsekvens.

- **Marine naturtypar**

Sjøområda langs Hustadvika og nord og vest for Gossen har samanhengande taeskorar med store innslag av skjelbankar og blautbotn. Det er registrert ålegrasenger einskilde stader langs kyststripa, og ein går ut frå at det finst fleire område som ikkje er registrerte. Naturtypene taeskor, skjelbankar og blautbotn har svært høg verdi, jamfør naturbase. Det er kjente korallførekomstar i Harøyfjorden, i Budadjupet og langs Hustadvika.

Gruntvassområda og fjordpollar (til dømes Sandblåst / Gaustadvågen naturreservat) kan vere utsette for eutrofiering med opphopping av næringssalt via avrenning frå land. Slike område er ikkje aktuelle for tradisjonelt fiskeoppdrett eller taredyrking. Ingen slike område er under påverknad av eksisterande anlegg eller er omsøkte for nye tiltak.

Naturtypene i dei ytre kystområda er store og samanhengande og ligg i eit vassmiljø med kraftige havstraumar og kontinuerleg vassutskifting. Dette gjer dei robuste med stor evne til å absorbere / dispergere eventuelle utslepp frå planlagde tiltak.

Det er ikkje planlagd nye oppdrettsanlegg for fisk, men fleire anlegg for taredyrking. Taredyrkinga medfører ikkje bruk av førmidlar eller utslepp av fekaliar. Det er ikkje kjent kva verknad store innslag av taredyrkingsfelt vil ha for eksisterande naturtypar, men ei mindre til moderat etablering blir ikkje rekna å ha konsekvensar for det naturlege havmiljøet.

Det skjer hausting av stortare langs heile kysten i planområdet i samsvar med løyve gjeve i forskrift til havressurslova og forvalta av fiskeridirektoratet. Taeskorane er viktige habitat for oppvekst av fiskeyngel og som skjul og beiteområde for større fiskeartar, sjøfugl og pattedyr. Taretrålinga er omstridd. Havforskningsinstituttet kan ikkje slå fast om haustinga medfører varige skader på havmiljøet (blant anna for oppvekstområda for fisk), men konstaterer at rehabilitering av hausta område tek inntil 4 - 7 år før all biomasse er reetablert, påvekstalgane treng lengst tid.²¹ Konsekvensane av meir intensiv hausting i einskilde område kan ha større og meir varig verknad. Lokalt er det motstand mot denne forma for ressursutnytting. Planarbeidet har forslag til to område med framtidig unntak frå taretråling, eitt i Aukra og eitt i Hustadvika (kap. 5.2.1) der ein kan sikre meir naturlege tilhøve.

Samla for heile planområdet er verknaden av nye tiltak rekna til ingen eller liten positiv konsekvens. Taretrålingsfrie område lokalisert nært strandsona blir rekna å ha ein positiv verknad for naturmangfaldet.

- **Artar og bestand**

For vurdering om påverknad og konsekvens for artar og bestandar er det tatt utgangspunkt i naturbase sine registreringar av artar med stor nasjonal forvaltingsinteresse. Dette gjeld fugleliv, pattedyr og verdfull kystvegetasjon. Påverknaden er vurdert ut frå tiltaka si plassering og nærleik til registrerte artar og sumverknaden av alle tiltak.

Fugleartar og pattedyr er nokså likt representert i heile planområdet. Typiske artar er sjøfugl med stor nasjonal forvaltingsinteresse og sjøpattedyr som nise, oter og sel.

Planforslaget legg ikkje opp til nye område for fiskeoppdrett med unntak av noko

²¹ Artikkel, HI heimeside: <https://hi.no/hi/nyheter/2020/januar/taretraling-har-begrenset-effekt-pa-fisk>

ekspansjonsområde i Kornstadjorden for kveiteoppdrett. Lokalitetane for tareoppdrett blir ikkje rekna som særleg interessante for næringssøk eller til fysisk fare for verken for fugl, pattedyr eller fisk. Men, som for marine naturtypar, kan taretråling har negativ effekt for mattilgangen lokalt då oppvekstområda for småfisk blir reduserte.

Samla for heile planområdet er verknaden av nye tiltak rekna til ingen eller liten positiv konsekvens. Taretrålingsfrie område lokalisert nært strandsona blir rekna å ha ein positiv verknad for artar og bestand.

- **Gyte- og oppvekstområde**

Data er henta frå Yggdrasil (Fiskeridirektoratet). I planområdet er det større gytefelt for kystnær torsk vest og sør for Småge og i Buktin på Gossen; i Frænfjorden, nord for Hustadbukta og Breivika og i Lauvøyfjorden i Hustadvika. Feltet nord for Hustadbukta har også gyteplass for hyse, sei og raudspette. Ellers viser Yggdrasil mindre gyteområde for fleire fiskeslag i Harøyfjorden. Konklusjonen er at i store delar av planområdet finst det viktige gyteplassar for økonomisk nyttbare fiskeslag.

Planforslaget legg opp til overlapping mellom nye tiltak og registrerte gytefelt. Alle desse nye oppdrettslokalitetane er tareoppdrett som ein ikkje reknar har nokon effekt på gyteområda.

Samla for heile planområdet er verknaden av nye tiltak overfor gyte- og oppvekstområda rekna til ingen endring av noverande tilhøve.

- **Verneområde**

Det er registrert totalt 18 verneområde i sjø innafor plangrensa, 7 i Aukra og 12 i Hustadvika. Vernestatus er naturreservat og fuglefredingsområde.

Det er ingen planlagde tiltak som ligg i direkte konflikt med verneområde eller påverkar verneføremålet.

- **Vassdrag for anadrom fisk**

Det er ingen nasjonale laksevassdrag i planområdet, men viktige mindre vassdrag for både laks og sjøaure; 6 vassdrag i Aukra og 18 i Hustadvika. Generelt for alle vassdraga er at luse-påverknaden er sett til kategori 3, den mest alvorlege påverknadsgraden²². Dette er ein alvorleg situasjon for anadrom fisk i både lokale farvatn og regionen ellers. Både fjordsystema i Aukra og Hustadvika og det opne havet utanfor er påverka. Hustadvika, Harøyfjorden/Julsundet og Lauvøyfjorden/Kornstadjorden er vandreområde for villaks som søker til nasjonale laksevassdrag via Romsdalsfjorden og Tingvollfjorden/Sunndalsfjorden.

Planforslaget har fått innmeldt to større område som er ønska lagt ut til generelt havbruk inkludert ordinære fiskeoppdrett. Kommunane har vurdert generell arealbruk opp mot spesifisert arealbruk, og dei har kome til at spesifisert arealbruk skal veljast for planområdet²³. Dette stenger for generell fleirbruk. Dei to områda er difor ikkje KU-vurderte. Eitt anlegg for laks / sjøaure grensande til fugleverneområde Saltstein-Kløvningen er i KU-vurderinga tatt ut på grunn av fleire tilhøve, blant anna lakseluspåverknad.

Det landbaserte oppdrettselskapet Salmon Evolution AS har levert merknad til planarbeidet der dei påpeiker deira behov for reint og smittefritt sjøvatn til bruk i anlegget. Bedrifta har to smittesperrer i

²² Vitenskapelig råd for lakseforvaltningen (2022): Klassifisering av tilstanden til sjøørret i 1279 vassdrag, temarapport 9.

²³ Vedlegg 2. Referat frå styringsgruppemøte den 29.11.2022, sak 26/2022, punkt 4.

vassinntaket, men fryktar for at nærliggjande oppdrettsanlegg lett kan spreie smitte; lus er ein av farane.

Planen legg ikkje opp til nye etableringsområde for anlegg til laks og/eller sjøaure. Det er ingen planlagde tiltak som no vil endre situasjonen for anadrom fisk i planområdet. Konsekvensen er uendra sett i høve til no-situasjonen.

7.3.1. Vurdering av samla belastning for naturmangfaldet.

Under temaet naturmangfald er det vurdert 7 spesifikke tema, og kvart tema har sin eigen konklusjon om samla verknad. Utgangspunktet for vurderinga er situasjonen i dag.

Tema	Konklusjon
Vassmiljø og botntopografi	Ingen – liten positiv verknad
Marine naturtypar	Ingen – liten positiv verknad
Artar og bestand	Ingen – liten positiv verknad
Hausting av stortare	Liten negativ konsekvens
Gyte- og oppvekstområde	Ingen endring
Verneområde	Ingen endring
Vassdrag for anadrom fisk	Ingen endring

Samla verknad for naturmangfaldet er ingen til svak positiv betring.

7.4 Friluftsliv og folkehelse

Både Aukra og Hustadvika kommunar har gjennomført kartlegging av viktige friluftsområde. Kartlegginga er å finne som eit eige datasett. Vedlagt til planforslaget ligg eit eige temakart som viser områda som er kartlagt til *svært viktige friluftsområde*.

Det er avsett fleire nye føremål for tare- og eller tunikatoppdrett. Overflate-areala er til dels store, men slike anlegg har liten trafikk til og frå med tanke på tilsyn. Det er vidare minimalt med lys og / eller støyforureining. Friluftslivet vil bli mest påverka visuelt i form av blåser som held oppe anleggsrammene. Kajakpadling og annan aktivitet i sjøen vil ikkje bli påverka i vesentleg grad av tiltaka.

7.4.1 Vurdering av samla belastning for friluftslivet og folkehelsa

Sumverknaden av alle tiltak, nye og eksisterande, er vurdert til ingen eller liten negativ konsekvens for friluftslivet og folkehelsa.

7.5 Kulturminne og kulturmiljø

Kulturminne og kulturmiljø er i planforslaget og utgreiingar vurderte opp mot nasjonale databasar for registrerte kulturminne (Askeladden / SEFRAK). I begge kommunane er det einskildminne eller samlingar av minne knytt til kystlinja. Typisk for planområdet er gravrøyser, naust- og hustufter frå ulike periodar. Planprosjektet har mottatt ei oppsummering av slike aktuelle kulturminne frå Møre og Romsdal fylkeskommune i samarbeid med Aukra kommune og NTNU-vitskapsmuseet. Materialet inkluderer også marinarkeologiske funn. Alle desse kulturminna er lagt inn i plankartet. Det er laga

felles føresegner for kulturminna som seier at alle nye tiltak skal leggjast fram for rett kulturminne mynde og NTNU – Vitskapsmuseet i samband med søknader om tiltak / lokaliseringar.

Ingen tiltak eller avsette føremål i planen er i direkte konflikt med kulturminne.

7.5.1 Vurdering av samla belastning for kulturminne og kulturmiljø

Samla påverknad er vurdert til ingen eller liten negativ konsekvens.

7.6 Landskap

Vurderingsgrunnlaget for landskap bygger på Nasjonalt referansesystem for Landskap – Beskrivelse av Norges 45 landskapsregioner, Norsk Institutt for bioøkonomi (NIBIO).

Riksantikvaren sendte i 2022 ei studie av Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Møre og Romsdal på høyring. Studien beskriv Hustadvika som eit landskap av slik nasjonal interesse, frå Bjørnsund / Bud til Vevang. Det er lagt vekt på ulike landskapsformer med opne jordbrukslandskap og kupert strandlandskap med mange holmar og skjer omkransa av kystlynghei. Kystkulturhistoria er viktig. Studien viser at området har ein særleg verdi. Det er ikkje planlagt nye anlegg langs strekket frå Bud til Vevang.

For sjøarealplanen vil det vere plassering av akvakulturanlegg som kan påverke opplevinga av landskapet. Tettleiken av eksisterande anlegg er størst i Julsundet / Harøyfjorden. I denne sona er det også lagt til rette for ny taredyrking. Den visuelle påverknaden vil vere merkbar. Det er også lagt opp til nyetablering av tareoppdrett i meir ope hav vest for Gossen. Taredyrkingsanlegga dekker relativt store areal og er synlege med omsyn til blåser som held oppe rammene der dyrkinga skjer. Næringa seier sjølve at fargen på blåsene gjerne kan endrast slik at dei blir mindre synlege. Fortøyingssareal ligg under vatn og er ikkje synleg eller til hinder for ferdsla.

7.6.1 Vurdering av samla belastning på landskapsbiletet

Samla belastning for landskapet blir vurdert til liten negativ konsekvens.

7.7 Fiskeri

For fiskeri er samla belastning vurdert opp mot omfanget av direkte konflikt mellom aktive fiskeriområde og forslag til utviding eller nye akvakulturområde.

Det er ingen etableringsforslag i direkte arealkonflikt med fiske med stor negativ konsekvens. Forslag med middels konsekvens er anten tatt ut av planforslaget eller tilrådd med avbøtande tiltak.

7.7.1 Samla belastning for fiskeri

Samla belastning for fiskeri blir vurdert å vere liten negativ konsekvens.

7.8 Akvakultur

For akvakultur er samla belastning vurdert opp mot tettleiken av anlegga innfor avgrensa område, men også etter korleis nytt planforslag legg til rette for auka fleksibilitet og handlingsrom innafor einskild-tiltak og mellom tiltak.

For dei eksisterande anlegga blir planforslaget vurdert å ha ein positiv konsekvens då ein har fått til opprydding av arealbruken rundt anlegga, auka fleksibilitet med omsyn til plassering av anlegga og utviding av ankringsområda. Planforslaget legg til rette for vekst i næringa (taredyrking) og for innovasjon og utprøving av ny teknolog.

I delområdet Julsundet / Harøyfjorden ligg anlegga for tradisjonelt fiskeoppdrett relativt tett (gamle konsesjonar). For området Kornstadfjorden viser Vannett.no til middels vasskvalitet grunna

oppdrettsaktiviteten i fjorden (Hustadvika og Averøy kommunar). Einskilde areal avsett til akvakultur i Sjøarealplan for Nordmøre, Eide (2018) er difor tatt ut av omsyn til total belastning av vassmiljøet.

7.8.1 Vurdering av samla belastning for akvakultur

Samla belastning for akvakultur blir vurdert til liten negativ konsekvens med omsyn til nærleik mellom anlegga i Julsundet / Harøyfjorden. utviding / justering av eksisterande føremål og oppretting av nye lokalitetar for tare- / tunikatoppdrett blir vurdert til positivt for havbruksnæringa. Innskrenkinga av høve for oppretting av ny produksjon av laks og sjøaure i Kornstadfjorden blir vurdert som liten negativ konsekvens for næringa, men liten positiv konsekvens for vasskvalitet og vassmiljøet i fjorden. Av 29 tiltak, som er KU-vurdert, har 3 lokalitetar fått karakter stor negativ verknad, og dei er tatt ut av planforslaget. 12 tiltak har fått vurdering middels negativ verknad. Desse er tilrådd med arealjustering i samarbeid med aktuelle fagetatar. Tilleggsvurderingane gjort etter førstegongs offentleg ettersyn konkluderar med at ei utviding av lokalitetane i Julsundet, ikkje er anbefalt på grunn av økt belastning på naturmangfald.

7.9 Reiseliv

Reiselivet i Aukra og Hustadvika har kystsona som eit av sine viktigaste ressursgrunnlag. Opplevingar er knytt til turistverksemd som turistfiske og fritidsfiske, fugle- og ørnesafari med båt, kajakkurar, kiting, surfing, dykking, dykkarsafari, ferdsel langs nasjonal turistveg mellom Bud og Atlanterhavsvegen, fiske frå fiskebruene på Atlanterhavsvegen. I tillegg utleige av hytter og båtar.

Det er ikkje lagt til rette for nye oppdrettsanlegg av laks og aure. Fleire føreslegne taredyrkingfelt ligg i nærleiken av viktige friluftsområde. Desse er likevel spreidde og med god avstand. Taredyrkingsfelt legg lite hindring for friluftslivet og ferdsel.

7.9.1 Vurdering av samla belastning for reiseliv

Samla blir planforslaget ikkje vurdert å forringa høva for oppleving, reiseliv og turisme. Men, det er ein auke i produksjonsareal. Samla konsekvens for reiselivet blir difor vurdert til liten negativ konsekvens.

7.10 Ferdsel og farlei

Planforslaget legg til rette for ny og justert arealbruk i sjø. Einskildtiltak med stor negativ konsekvens for farlei er anten tatt ut av planforslaget eller blitt justert for å unngå direkte konflikt. Plasseringa av tilrådde tiltak er nøye diskutert med Kystverket.

7.10.1 Vurdering av samla belastning for ferdsel og farlei

Med bakgrunn i justering av plassering og avbøtande tiltak blir samla belastning for ferdsel og farlei vurdert til liten negativ konsekvens.

7.11 Muddring og deponering

Det er lagt til rette for utdjuping av innseglinga til Harøysund hamn i Hustadvika og Nerbøvågen i Aukra. I Aukra som vidareføring av kommuneplanen sin arealdel (2017). I Harøysundet er det gjort mykje forarbeid i form av grunnundersøkingar.

Deponiområdet for kalksteinsslam frå industriproduksjonen til Omya Hustadmarmor AS i Elnesvågen er markert i planen i samsvar med utsleppsløyve frå Miljødirektoratet. Deponeringa fører blant anna til auka innhald av kalsiumkarbonat lokalt i sjøvatnet. Kjemisk tilstand er etter Vannett dårleg. Økologisk tilstand er likevel bra.

7.11.1 Vurdering av samla belastning for muddring og deponering

Belastninga for tiltaka muddring og deponering er vurderte til ingen eller liten negativ konsekvens.

7.12 Kommunale planar

Planforslaget vidarefører gjeldande reguleringsplanar som strekkjer seg ut i sjøen. Forslaget gjer ved einskilde oppdrettsanlegg mindre justeringar av planføremål sett av i tidlegare arealplanar. Justeringane er tilrettelegging for tiltaka slik tiltakshavarane sjølve har gjeve innspel om og tilpassa nyaste omsyn sett til ferdsel (Kystverket). Justeringane gjeld særleg Sjøarealplan for Nordmøre, delområde Eide (2018) og Arealbruksplan for Atlanterhavsvegen, kommunedelplan (2005). Dei nemnde planane er justerte i samsvar med oppdaterte datasett og PBL 2008. For arealdelen i Eide har planforslaget innskrensa einskilde område som tidlegare opna for generell akvakulturbruk. Sjå også punkt 7.8. Akvakultur.

7.12.1 Vurdering av samla konsekvens for kommunale planar

Planjusteringane som er gjennomførte i denne sjøarealplanen, er tilpassingar til dagens situasjon og dei omsyn som kommunane finn rett å ta for dei komande åra.

8 FN sine berekraftsmål, samla vurdering

Det blir vist til kapittel 2.5.1 og kapittel 7 ovanfor. Vurderingane for val av konkrete mål som planarbeidet skal støtte seg til og konsekvensane av konkret val av arealbruk er grunngjeve her.

8.1 Samla vurdering av berekraftsmåla

Planarbeidet blir samla vurdert å vere i samsvar med FN sine berekraftsmål.

9 Offentleg ettersyn

Planen var ute på 1. gongs høyring - offentlig ettersyn, i tidsrommet 16. mai - 15. september 2023.

I løpet av denne perioden kom det inn 21 uttalar: 5 frå offentlege instansar, 5 frå bedrifter, 4 frå andre organisasjonar og 6 frå naboar og privatpersonar.

Alle inkomne merknadar er teke med i merknadsbehandlingsa.

Kommunane har systematisk gått gjennom og behandla kvar enkelt merknad. Alle innspel til planen er undersøkt og vurdert for seg sjølv, men også opp i mot andre merknadar på same område.

Alle merknadar er svart ut i sin heilheit i eige vedlegg.

10 Vedleggsliste

Vedlegg 1: Innspel til KU i kartportal, punktmarkering og e-post, merknadshandsaming

Vedlegg 2: Vedlegg 2. Informasjonsmøte. Referat frå styringsgruppemøte den 29.11.2022, sak 26/2022, punkt 4.

Vedlegg 3: Lokalt kunnskapsgrunnlag

Vedlegg 1: Merknadshandsaming

Innspel til KU i kartportal, sortert som innspel frå e-post og i kartportal som punktmarkering, merknadshandsaming

Nr.	Avsender	Dato	E-post (E) / Punktm. (P)	Arkivkode, Hustadvika: 2021/3778, doknr.
1	Henning Dale	29.07.2022	P	82
Ikke gjør mer inngrep i skjærgården vår som ødelegger det siste vi har av rekreasjons og fiskeområder. Forby flere oppdrettsanlegg som forurensrer sjøområdene våre.				

Vurdering

Ulikt lovverk regulerer bruken av sjøområda. Døme er: Havressurslova, akvakulturlova, havne- og farvannslova, plan- og bygningslova og naturmangfaldslova. På overordna nivå kan vi seie at lovverket har reglar for både bruk og vern. Sjøarealplanen for Aukra og Hustadvika er ein kommunedelplan etter plan- og bygningslova. Lova gjeld i sjø frå strandlinja til ei nautisk mil utafor grunnlinja og kan gi reglar for arealbruken på overflata, i vassøyla og på havbotnen. Hovudregelen for val av arealbruk er at all aktivitet er tillat med unntak der særlege omsyn må takast i vare. Slike omsyn kan vere: Farlei, gyte- og oppvekstområde for fisk, viktige naturområde i sjø, friluftsomsyn, kulturminne, verneområde, forureining, støy, sjukdomssmitte m.m. Søknad om etablering av oppdrettsanlegg skjer etter akvakulturlova og plan- og bygningslova. Akvakulturlova skal sikre at produksjon og konsekvensane av produksjonen ikkje skader naturmiljøet. Plan- og bygningslova skal har prioriteringar om arealbruken, om denne til dømes skal tillate akvakulturanlegg. Eit unntak for akvakultur må grunngjevast ut frå fagleg omsyn. Døme på omsyn er nemnde ovanfor.

Vurdering om sjøareal skal unntakast frå akvakultur blir gjort i samband med konsekvensvurderinga og utgreiinga elles i sjøarealplanen. Innspelet er tatt til orientering.

Nr.	Avsender	Dato	E-post (E) / Punktm. (P)	Arkivkode, Hustadvika: 2021/3778, doknr.
2	Magnus Tornes	10.08.2022	P / areal	79
Jeg anser dette området til å være særdeles dårlig egnet for akvakultur. Den mest brukte leden til og fra Bjørnsund går igjennom nettopp dette området. Dette gjelder både for båter fra Bud/Harøysund, men også fra Juvika og videre inn fjorden som Elnesvågen/Molde. Deler av området ligger også i hvit sektor fra Hammerøylykta. Området er mye brukt til dykking av Veterandykk-Molde og Bud Dykkerklubb (se http://dykkepedia.com/wiki/Kategori:M%C3%B8re_og_Romsdal for eksempel på nærliggende dykkeplasser), og et anlegg der vil ødelegge de kvalitetene som området nå har. Området består av et rikt dyreliv, og det er funnet sjeldne grunne forekomster av enkelte arter (ved Trelholmflua og Trelholmgrunna), noe som også har resultert i vitenskapelige artikler (https://onlinelibrary.wiley.com/doi/abs/10.1111/ivb.12027). Et oppdrettsanlegg i området vil ødelegge disse spesielle bestandene. Like vest for området (sør for Svartskjæret) ligger det et gyteområde for torsk, sei, hyse og rødspette. På Skjerlingen finner man den største ansamlingen av havørn i området. Det er ikke unormalt å kunne se 6 havørn samtidig på Skjerlingen i vinterhalvåret. Det hekker også arter som tjeld,				

ærfugl og gråmåke (alle på rødlisten) på de tilstøtende holmene. Salmar har tydelig ikke tatt inn over seg støy-utfordringene et oppdrettsanlegg utgjør når de ønsker muligheten til å etablere anlegg i så nær avstand til en så betydelig fritidsbebyggelse som Bjørnsund er. Fritidsbebyggelse og oppdrett er ikke forenelig.

Vurdering

Det aktuelle arealet er innmeldt i kartportalen, og det er identisk med det arealet som Salmar har meldt som aktuelt nytt oppdrettsområde. Innspelet blir tolka som ei meningsutveksling og informasjon om negative konsekvensar av ei slik mogeleg etablering. Tornes presenterer fleire aktuelle brukskonfliktar mellom eksisterande aktivitetar og ei nyetablering, i tillegg til opplysningar om særeigne naturtilhøve både på sjøen og på holmar og skjer i området. Innspelet blir tatt med i konsekvensvurderinga om ny havbruk i området.

Nr.	Avsender	Dato	E-post (E) / Punktm. (P)	Arkivkode, Hustadvika: 2021/3778, doknr.
3	Magnus Tornes	10.08.2022	P / areal	79
Hummerfredningsområde. Hummeren er i sterk tilbakegang og Fiskeridirektoratet ønsker at alle kommuner oppretter egne hummerreservat. I Orholmen-Grønningen naturreservat har man allerede grenser som kan brukes. Området er ikke mye brukt til teinefiske i dag, så de negative konsekvensene burde være små. De positive konsekvensene ved hummerfredningsområder er godt dokumentert, og vil gi utslag godt utover det vernete området. Området er lite, men vil være bedre enn ingen ting. https://www.hi.no/hi/nyheter/2022/februar/hva-vi-har-lert-etter-20-ar-med-marint-vern. Hummerfredningsområde. Hummeren er i sterk tilbakegang og Fiskeridirektoratet ønsker at alle kommuner oppretter egne hummerreservat. I Saltsteinen-Kløvningen naturreservat har man allerede grenser som kan brukes (kun deler av naturreservatet er med i dette planarbeidet. Helst burde hele vært med). Området er ikke mye brukt til teinefiske i dag, så de negative konsekvensene burde være små. De positive konsekvensene ved hummerfredningsområder er godt dokumentert, og vil gi utslag godt utover det vernete området. Området (som er med i planen) er ikke veldig stort, men vil være mye bedre enn ingen ting. https://www.hi.no/hi/nyheter/2022/februar/hva-vi-har-lert-etter-20-ar-med-marint-vern				

Vurdering

Fiskeridirektoratet har oppmoda kommunane om å kome med forslag til hummerfredningsområde. Etableringa av hummerfredningsområde sorterer under havressurslova og kan dermed berre få ein generell omtale i sjøarealplanen. Temaet blir tatt med i planomtalen.

Nr.	Avsender	Dato	E-post (E) / Punktm. (P)	Arkivkode, Hustadvika: 2021/3778, doknr.
4	Magnus Tornes	10.08.2022	P / areal	79
Marint verneområde. På 80- og 90-tallet ble det utført et arbeid med en konsekvensutredning om mulig vern (marin nasjonalpark) av Hustadvika. Med tanke på tiden som har gått, og kunnskapsgrunnlaget som har økt, bør dette vurderes på nytt. Grensene i forslaget er meget grovt inntegnet. https://www.hi.no/hi/temasider/hav-og-kyst/marint-vern				

Vurdering

Ressursgruppa som arbeidde med forslag til marine nasjonale verneplanar hadde med Hustadvika som aktuelt området. Men, området vart ikkje med i det vidare arbeidet som direktorat og departement gjorde i etterkant.

Etablering av nasjonale verneområde ligg utafor ansvarsområdet til plan- og bygningslova. Sjå elles vurdering av innspel nr. 7 nedanfor.

Nr.	Avsender	Dato	E-post (E) / Punktm. (P)	Arkivkode, Hustadvika: 2021/3778, doknr.
5	Grendautvalet for Bjørnsund, Søre og Nøre velforening	21.08.2022	E	68
Til: Hustadvika kommune. Sak: Innspill på høringsutkast med tanke på en felles sjøområdeplan for kommunene Hustadvika og Aukra. Fra: Grendeutvalget for Bjørnsund, og Søre og Nøre velforening. Dato: 21.august 2022. Hustadvika kommune er en kommune, rik på natur og kultur. Her er fjell og fjord, skjærgård og våtmarksområder. Vi har leirskole på Bjørnsund som viser barn og unge fra eldre steder i Norge hva kommunen har å by på med tanke på kultur og uberørt natur. Leirskoleelevene opplever et riktig variert fiske- og fugleliv. Dette er verdier det er verdt å hegne om. Noen skoler i kommunen har egne grupper som blir kjent med lokalhistorien, nærområdet, båtliv og fiskeplasser, med tanke på yrke eller fritidsfiske. Dette er muligheter som gjør at de kan bli boende. Det bør legges til rette for flere stille aktiviteter som kajakkruiter. På samme måte som fjella i kommunen inviterer til opplevelser og rekreasjon, gjør skjærgården det samme. Å bygge ned en sårbar kystlinje, og legge til rett for inngrep i den idylliske naturen kan gi uopprettelige skader, så her man må være forsiktig og tenke langsiktig. Urørt natur er en ressurs man må verne om. Kommunen har alt en viktig plan for friluftsliv, og den bør tas hensyn til, og området til friluftsliv bør heller utvides. Det er viktig at kommunen tar et klart standpunkt om hva den ønsker at havområdet rundt Bjørnsund skal prioriteres til Grendeutvalget for Bjørnsund mener det er uheldig med igangsetting av oppdrett der det er inntegnet i sjøarealplanen: • Hustadvika kommune markedsfører seg som en friluftskommune, og kommunen har sammen med Friluftsrådet for Nordmøre og Romsdal gjennomført en viktig kartlegging og verdsetting av kommunens friluftsområder (2022) Her er havområdet rundt Bjørnsund definert som et svært viktig friluftsområde. • Å lage marine verneområder i havet og langs kysten beskytter viktige naturverdier og trykker fremtidens matfat. • Ifølge sjøområdeplanen for de to nabokommunene Hustadvika og Aukra vil oppdrettsanlegget ligge som en hindring midt i leia. 80 prosent av båttrafikken går der. Det er også den tryggeste og for noen med mindre båter, den eneste veien til fastlandet i dårlig vær. • Anlegget, vil også medføre forurensing, både visuelt og med tanke på lys og støy. Det er ekstra viktig å ta hensyn til slike forstyrrelser når aktiviteten kommer så nært innpå steder der folk har feriehusene sine. De oppsøker stillheten og skal finne ro, og bruke den tiden de er der til rekreasjon. Det har vist seg andre steder der oppdrett kommer for nært inn på steder der folk skal feriere, at det har ført til konflikt. • Et anlegg vil kunne påvirke rekreasjonspotensialet i nærområdet. Urørt natur og fri ferdsel er noe den kommende slekt i stadig større grad vil ha behov for å oppsøke og oppleve i fremtiden. • Tradisjonell akvakultur har mye kjent problematikk nyttet til seg. • Holmene i nærheten er tilholdssted for ørn og andre trua fuglearter. Holmene er markert tilegnet arter av nasjonal forvaltningsinteresse. De trenger også fred og ro, særlig i hekkesesongen. Det er forbudt å gå i land på disse holmene i hekkesesongen. • Stedet er også et oppvekst- og beiteområde for kysttorsk og andre fiskeslag. Området er mye brukt til rekreasjon og fritidsfiske. Edvin Rødal leder i grendeutvalget Sissel Vollan leder i NBV og John Helge Frøystad leder i SBV.				

Vurdering

Leiarane for Grendautvalet for Bjørnsund, Nordre Bjørnsund vel og Søndre Bjørnsund vel har levert ein samla merknad til planarbeidet. Alle laga gjev uttrykk for skepsis og motstand mot å etablere tradisjonell oppdrettsaktivitet i området ved Bjørnsund. Det blir vist til kartportalen og konkret til eit forslag om etablering av eit anlegg aust for Bjørnsund. Vi merker oss elles synspunkta om friluftsfritidsinteresser, farlei, fuglelokalitetar og gyteområde. Dette er tema som blir tatt med i konsekvensvurderingane og planarbeidet elles. Sjå elles vurdering til merknad nr 1 ovanfor. Innspelet er tatt til orientering.

Nr.	Avsender	Dato	E-post (E) / Punktm. (P)	Arkivkode, Hustadvika: 2021/3778, doknr.
6	DuPont Nutrition Norge AS	29.08.2022	P	68

Areal i Harøyfjorden, aust/sør/deler vest av Gossen: DuPont Nutrition Norge AS stiller seg positive til vern mot høsting av stortare.

Areal vest Gossen: DuPont Nutrition Norge AS vil ytre et sterkt ønske om fortsatt tilgang til høsting av stortare i dette området. I markert område høster den lokale høsteflåten og leverer til Smørholmen Mottaksstasjon, Vevang. Mottaksstasjonen er den siste i sitt slag i Norge og det er tilknyttet 6 arbeidsplasser til denne aktiviteten. I tillegg benytter stasjonen en rekke lokale underleverandører, som f.eks. Båt og Oppdrettservice. En redusert tilgang til høsteområder kan føre til nedleggelse av disse arbeidsplassene og at området blir høstet av den omreisende høsteflåten til DuPont, som da vil levere til flytende mottaksfartøy. Vi har høstet stortare i over 50 år og vår aktivitet er grundig overvåket av både Fiskeridirektoratet og Havforskningsinstituttet (HI). HI overvåker alle høstefelt og det er Ikke funnet noen negative konsekvenser grunnet høsting av stortare, hverken biologiske eller fysiske.

Areal, heile Hustadvika: DuPont Nutrition Norge AS vil ytre et sterkt ønske om fortsatt tilgang til høsting av stortare i dette området. I markert område høster den lokale høsteflåten og leverer til Smørholmen Mottaksstasjon, Vevang. Mottaksstasjonen er den siste i sitt slag i Norge og det er tilknyttet 6 arbeidsplasser til denne aktiviteten. I tillegg benytter stasjonen en rekke lokale underleverandører, som f.eks. Båt og Oppdrettservice. En redusert tilgang til høsteområder kan føre til nedleggelse av disse arbeidsplassene og at området blir høstet av den omreisende høsteflåten til DuPont, som da vil levere til flytende mottaksfartøy. Vi har høstet stortare i over 50 år og vår aktivitet er grundig overvåket av både Fiskeridirektoratet og Havforskningsinstituttet (HI). HI overvåker alle høstefelt og det er Ikke funnet noen negative konsekvenser grunnet høsting av stortare, hverken biologiske eller fysiske.

Vurdering

Vi merker oss næringsinteressene knytt til utvinning av stortare i området. Planarbeidet skal legge til rette for både bruk og vern av marine naturressursar. Det blir vist til at Havforskningsinstituttet (HI) ikkje finn negative konsekvensar for havmiljøet etter høsting av stortare. Vi les av same rapportar at ein med grunnlag i aktuelt, men *avgrensa kunnskapsgrunnlag* ikkje finn negative konsekvensar av høsting sett i stort, over det totale arealet som blir hausta. Dette utelukkar ikkje at høstinga i lokale avgrensa felt, gjerne kystnært, kan ha negative konsekvensar for produksjon av andre artar. Artar som er avhengige av ein stabil tareskog og som har lokal økonomisk og biologisk interesse. KU kan kome til å finne slike område med grunnlag i offentlig og lokalt kunnskapsgrunnlag, som er av ein slik verdi at taretråling ikkje bør tillatast. I det store og heile vi det like fullt vere ope for høsting av tareressursane.

Nr.	Avsender	Dato	E-post (E) / Punktm. (P)	Arkivkode, Hustadvika: 2021/3778, doknr.
7	Miljøpartiet De Grønne (MDG)	31.08.2022	E	85

Innspill til Sjøarealplan for Hustadvika og Aukra 31.08.22

Forslag om marin nasjonalpark i området Hustadvika – Aukraholmene

Både FN og det internasjonale Havpanelet, som ledes av Norge, foreslår at vi verner 30% av havområdene innen 2030 for å beskytte disse økosystemene og dyrelivet mot for stor menneskelig påvirkning. I Norge er vi langt fra dette målet, og vi har i dag kun fire marine nasjonalparker som alle ligger på Sør-Østlandet. I tillegg finnes 16 relativt små marine verneområder, men flere er under utredning. De marine nasjonalparkene omfatter både land og sjøområder og verner både natur og kystkultur i de gjeldende områdene. Hoveddelen av områdene ligger riktignok under vann. Målet er å verne store områder med unike og/eller viktige naturtyper som tareskog og ålegressområder, og oppvekstområder for fisk og skalldyr, korallrev, osv. De marine nasjonalparkene på Sør-Østlandet ligger alle i områder hvor kystøkosystemene allerede er skadet av menneskelig aktivitet og klimaendringer. Fiskebestandene er sterkt redusert, hovedsakelig på grunn av overfiske, og har lav rekruttering, og kystfisket er minimalt. Særlig har torskefiskene nesten forsvunnet. I områdene i Oslofjorden og langs vestkysten av Sverige er det så godt som fisketomt, og fiskebestandene viser nedgang også på Sør- og Vestlandet. Flere tiår med overfiske og dårlig forvaltning av fiskebestandene i Skagerak og Nordsjøen, bidrar også til denne utviklingen.

På Romsdalskysten har vi ennå forholdsvis gode fiskebestander og bra rekruttering, men også her ser vi tendenser til at bestandene i fjordene minker. Overvåkingen av de stasjonære fjord- og kystbestandene er imidlertid minimal og har lite kunnskap om disse og vi er ikke sikre på hvor stor belastning de tåler av fiske, oppdrettsaktivitet, og annen menneskelig aktivitet. Klimaendringene er en ny ukjent faktor, der temperaturendringer, nedbør, og værforhold vil påvirke f.eks. alge- og dyreplankton og PBLomstringer og matgrunnlag og overlevelse for larver og yngel av fiskebestandene. Erfaringer fra andre steder i verden, som vestkysten av Sverige, Østersjøen og New-Foundland, har vist at fiskebestander kan kollapse og økosystemene vippe over til andre stabile tilstander dersom de overbelastes. Da kan det være for sent å verne områdene.

For å sikre oss at vi tar vare på naturen også for fremtidige generasjoner mener eksperter at vi bør verne minst 30% av arealene. I Hustadvika og Aukra har vi en stor og rik skjærgård med et stort antall holmer og skjær og store grundtvannsområder og tareskoger som er leveområder og oppvekstområder for en rekke viktige fiskearter, og som også er viktig hekke- og leveområder for sjøfugl. Bestandene av de fleste sjøfuglartene er også i sterk tilbakegang både lokalt og i Norge. Skjærgården fra Atlanterhavsvegen til Kjerringsundet er også et område med rik kystkultur og en lang og dramatisk historie, og en viktig del av vår nasjonal arv. Vi foreslår derfor at det etableres en marin nasjonalpark i dette området, og gjerne også

inkluderer tilstøtende områder som ligger i nabokommunene i Averøy, Ålesund (Sandøy-Ona) og Molde kommune. Jo større område jo bedre effekt.

Ved å etablere en marin nasjonalpark skapes det en større bevissthet om naturen i disse områdene, både under og over vann, og området vil fulgt opp med mer overvåking og forskning, og vi som bor i disse områdene blir da viktige verger og verter i dette landskapet. En marin nasjonalpark betyr ikke at lokalbefolkningen stenges ute fra områdene, men at områdene vernes mot utbygging og inngrep, overfiske, taretråling, fiskeoppdrett, osv. Tvert i mot vil en marin nasjonalpark skape et engasjement blant brukerne av disse områder og samle disse til en felles innsats for å bevare disse vakre og rike områdene som er så viktig for livskvaliteten vår. Det er viktig at befolkningen føler eierskap til nasjonalparken og ikke får tredd beslutninger ned over hodet, men blir tatt med på råd og blir representert i forvaltning og styre av nasjonalparken. Det meste av parken vil fortsatt være åpen for ferdsel, fritidsfiske og også småskala fiskeri, hvis bestandene tåler dette, på lik linje med de marine nasjonalparkene på Sør-Østlandet. Moderne kystfiskebåter er imidlertid svært effektivt og driver med store redskapsmegder, og bør heller utnytte vandrende havbestander som sei, gytetorsk, sild og makrell, og ha svært begrenset fiske på stasjonære bestander som er sårbare for overfiske.

Etablering av en marin nasjonalpark i Hustadvika og Aukra vil også sette området på kartet som et unikt naturområde som det er verdt å besøke for alle, både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Dette kan gi mange arbeidsplasser innen naturbasert reiseliv, basert på å tilby opplevelser som f.eks. dykking og snorkleturer, kajakk-padling, natur og kystkulturguiding, undervisning, overnatting og matservering, osv. Disse

muligheten ligger der også i dag, men ved å etablere en marin nasjonalpark vil vi få et helt annet fokus på de store naturverdiene og den fantastisk rike og vakre floraen og faunanen i denne kystnaturen. Det vil da også lettere bli bevilget ressurser for å kartlegge og overvåke bestander, bunntyper og hvordan dette økosystemet fungerer. Både lokalbefolkningen og alle besøkende som vil oppsøke nasjonalparken vil da få ny kunnskap og rikere opplevelser.

Bruken av området til alle typer aktiviteter må selvsagt være skånsom og ikke ha negativ innvirkning på naturen og flora og fauna i området, men heller ta del i bygge opp bestander, fjerne søppel og forurensing, som tapet garn og teiner, og beskytte hekkeområder for fugl.

Etablering av en marin nasjonalpark krever engasjement både fra befolkningen, kommunene og de nasjonale forvaltningsmyndighetene. Å få dette forslaget inn i den kommunale sjøarealplanen er en god begynnelse.

Hustadvika MDG Tore S Kristiansen

Vurdering

Miljøpartiet De Grønne (MDG) i Hustadvika viser til dei rike naturressursane og økosystema i planområdet og ber om at det blir starta eit arbeid for etablering av ein marin nasjonalpark som dekker heile planområdet. I sjøområda på aust- og sørlandet har ein erfart kor sårbart det marine miljøet kan vere grunna store uttak. Det er lite med fisk att, særleg torskefiskar. I områda i Oslofjorden og langs vestkysten av Sverige er det så godt som fisketomt. Forslagsstillar meiner eit føre var prinsipp må gjelde for planområdet, og at eit framtidig verneområde kan tillate eit forsiktig uttak av ressursar i samspel mellom forvaltningsmynde, næringsinteresser og friluftinteresser.

Etablering av verneplanar er ein lang planprosess og ligg utafor ansvarsområdet til plan- og bygningslova. Verneplanar av den storleiken som MDG føreslår, må først etter naturmangfaldslova og / eller havressurslova. Ein prosess med bevisstgjerings gjennom ein sjøarealplan er ein god start. Initiativ til verneplanar kan kome frå kommunar. Verneforslag blir etter vurdering vidareformidla av Statsforvalter til miljødirektoratet. Tilsvarande kan skje etter havressurslova for viltlevande marine ressursar overfor fiskeridirektoratet.

For å ta vare på einskilte naturtema kan bruk av omsynssone vere aktuelt i vår plansamanheng. KU-prosessen vil vere med å avdekke dette.

Nr.	Avsender	Dato	E-post (E) / Punktm. (P)	Arkivkode, Hustadvika: 2021/3778, doknr.
8	Shell	01.04. og 12.09. 2022	E	20 og 93

Hei.

Takk for invitasjon til å komme med innspill til planprogrammet.

Norske Shell har følgende innspill til planarbeidet for interkommunal sjøarealplan for Aukra og Hustadvika kommuner:

4.3 Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap

- For sjøfunn og sjøfunnområder/vrak bør alle statlige aktører med ansvar for vrak involveres/konfereres. Dette gjelder Kystverket, Forsvaret og evt. Kartverket. Dette for å sikre at vi har et helhetlig datasett over kjente vrak. Usikkerheten til posisjonen på vrakene bør dokumenteres (noen er veldig godt kartlagt, andre er kun observasjoner fra flere kilometer unna).

4.11 Samfunnstryggleik og beredskap

- Områder som er viktige for å ivareta sikkerheten i industri bør være en del av kartlagt areal. Eksempler:
 - Sikkerhetssone/fiskeforbud rundt Nyhamna
 - Flyforbud
 - Droneforbud
- To andre tema kan være aktuelle:
 - Områder brukt til minedumping (spesielt etter 2. verdenskrig), evt. kjente lokaliteter med miner
- Andre områder med dumping av masser etc.

4.9 Dybde og hydrografi

- Framtidig flykartlegging med bruk av laser bør inkludere de grunne områdene ved at det brukes grønn laser. Dette vil gjøre det lettere for oss i planlegging og forvaltning av infrastruktur i strandsonen.

Savner:

- Et kapittel om eksisterende objekter/infrastruktur på havbunnen. Sikre at alle kabler, rørledninger etc. er godt kartlagt. Vi har erfaring fra prosjektene våre at

det ikke nødvendigvis er alt som er kartlagt, og noe av det som kartet viser skal finnes, eksisterer ikke.

Lykke til med planarbeidet.

Mvh

Dag Rune

E-post 16.09.2022

Hei, beklager at dette høringssvaret ikke ble sendt på fredag. Det forsvant i noe tekniske problemer.

Se kommentarer fra Norske Shell til metode:

- Vi ønsker at «Offshore-næringer» legges inn som et ekstra punkt i tabellen «Konsekvensutredningstema». Dette bør inkludere CCS, olje- og gass og hydrogen, næringer som er mer til stede i Aukra og Hustadvika enn i Vesterålen som metodikken har tatt utgangspunkt i.
- Maritime aktiviteter på Nyhamna må hensyntas, f.eks kondensateksport med tankskip, modultransport til anleggskai og mulige utvidelser av kaiområde ifm eksport av H₂ og CO₂. Dette kan være både innenfor og utenfor Nyhamna sin sikkerhetssone. Farledsareal må også hensynta en skipsled for båter opp til 250m med begrenset evne til å manøvrere.
- Vi har en kommentar til kunnskapsgrunnlaget. I dagens NVE-kart vises ikke kablene til Nyhamna. Kart for sjøkabler og landfall på Aukra og Hamneset, samt trase for ny sjøkabel/landfall ifm Ormen Lange fase 3 må hentes inn. Dette er også viktig fra et forsynings- og sikkerhetsperspektiv for aktiviteter ved Nyhamna – både mtp tilgang/båndlegging av areal som vi kjenner i dag, samt fremtidig utvikling av Nyhamna som kan påkrevne nye/større sjøkabler fra land og fra evt. havvind initiativ.
- Vi ønsker også å gjøre oppmerksom på at bedre offentlig kartlegging ville kunne øke kvaliteten på konsekvensutredninger i kystsonen, slik som gode dybde- og høydedata i selve kystsonen (Dette er ikke-eksisterende for øyeblikket i Aukra, men teknologi finnes for dette hos Kartverket).
-

Vi takker for involvering på dette tidspunktet i prosessen.

Mvh

Dag Rune Sameien

Vurdering

Shell etterlyser eit oppdatert datagrunnlag for si planlegging som det vil vere viktig å få registrert i sjøarealplanen. Dette gjeld i første rekke tema knytt til luftrom, land, sjøoverflate, vassøyle, sjøbotn, slik som: Kulturminne, samfunnstryggleik og beredskap, dybde og hydrografi og infrastruktur.

For landområda må vi vise til kommuneplanen sin arealdel i Aukra og i Fræna (før kommunesamanslåinga). Ein del av infrastrukturen som er viktig for Nyhamna Gassanlegg, er tatt inn der. Manglande detaljeringsgrad i offentleg tilgjengeleg bakrunnsmateriale (kart og ressursgrunnlag) er også eit problem for sjøarealplanlegginga. Datagrunnlaget blir stadig betre ettersom ny kunnskap blir lagt til, men tempoet og temaval i oppdateringa ligg utafor vår påverkand. Etterlyst markering av til dømes infrastruktur vil bli tatt inn i plankartet så langt det ikkje er gradert informasjon. Sjøarealplanen kan vanskeleg ta inn mogelege framtidige utbyggingstiltak som ikkje er kartfesta. Det må ein kome attende til når meir konkrete planar skal realiserast. Etterlyste sikringstiltak (flyforbod og ferdselforbod i sjø) ligg i grenslandet mellom særlovgevinga (m.a. sikkerhetslov) og plan- og

bygningslova. Kartmarkering blir gjort så langt «Forskrift om kart, stedfestet informasjon, arealformål og digitalt planregister» gir løyve til det.

Nr.	Avsender	Dato	E-post (E) / Punktm. (P)	Arkivkode, Hustadvika: 2021/3778, doknr.
9	Hustadvika Fiskerlag	28.08.2022	E	76
Sjøarealplan for Aukra og Hustadvika kommuner. Området Sørøst for Bjørnsund ved holmene skjerlingen, Bjørnøya og Trollholmen. Dette område blir brukt til fiske av krabbe, hummer og leppefiske. Det er også en skipslei der som går til Bjørnsund. Det kommer ikke frem hva området skal brukes til det kunne hvert greit å vite. Mvh Hustavika Fiskarlag Ingmund Pedersen				

Vurdering

Hustadvika Fiskarlag kjem med viktige opplysningar om bruken av områda ved Bjørnsund som blir tatt med i det vidare arbeidet med fastsetjing av arealbruken i sjøen.

Nr.	Avsender	Dato	E-post (E) / Punktm. (P)	Arkivkode, Hustadvika: 2021/3778, doknr.
10	Jann Ole Brunes	01.09.2022	E / P	95
Ønsker det kan tilrettelegges mer for båtfolk på Lyngværet. Der det har stått brygger tidligere kan det legges ut flytebrygger sånn at familier med unger kan benytte seg av denne flotte plassen og skjærgården vi har fint gossen. Det er ingen plasser båtfolket kan ligge i utgaven trygt i kommunen vår det bør absolutt tilrette legges for dette. Har lyst til å bidra med dette i form av dugnad server fleire med meg. Se over til Molde holmene hva dei har fått til der Mvh Jann Ole Brunes Hei ønsker d skulle vert mer tilrettelagt for båtfolk på lyngværet med flytebrygger der det har stått to sjøboder. Sånn at barnefamilier kan ligge trygt i utgaven vi har ingen slike plasser i aukra kommune her bør kommunen legge meir til rette				

Vurdering

Det er meldt inn to punktmarkeringar i kartet der flytebrygger kan passerast. Innspelet er interessant, men vil ligge utafor mandatet til sjøarealplanen. Kommuneplanen sin arealdel for landområda vil vere rett plass å fremje slike ønske.

Nr.	Avsender	Dato	E-post (E) / Punktm. (P)	Arkivkode, Hustadvika: 2021/3778, doknr.
-----	----------	------	-----------------------------	---

11	Strømsholmen Sjøsportsenter	21.08.2022	E	84
Fra: Strømsholmen Sjøsportsenter Sendt: tirsdag 30. august 2022 kl. 09:52 Til: Kjell Lode Emne: SV: Innspel til Sjøarealplan for Aukra og Hustadvika kommunar Hei, Her kommer noen innspill fra meg. Se svar nedenfor i blått. Har du noen spørsmål, vennligst ta kontakt. Med vennlig hilsen Olav Magne Strømsholm Tel. . 95139269 Fra: Kjell Lode Sendt: onsdag 24. august 2022 12:46 Til: Strømsholmen Sjøsportsenter Emne: Innspel til Sjøarealplan for Aukra og Hustadvika kommunar Hei, Olav Magne Strømsholm. Takkar for nyleg avslutta telefonsamtale. Sjøarealplanen er eit samarbeidsprosjekt mellom Aukra kommune og Hustadvika kommune. Planarbeidet skjer etter reglane i plan- og bygningslova om kommuneplanlegging. Arbeidet starta hausten 2021. Planprogrammet for arbeidet (plan for planlegginga, metodikk m.m.) vart godkjent i kommunestyra i mai i år. Kommunane har leigd inn planleggingskompetanse for arbeidet. Underteikna er prosjektleiar (Lode plankompetanse AS) og Norconsult AS bistår med karttenester og fagleg støtte elles. Planarbeidet er no inne i innspelsfase fram til 31.08.2022. Utover hausten vil vi gjere ei konsekvensvurdering av dei innspela til nye tiltak som kjem inn, før arealbruken blir konkretisert i eit plankart med tilhøyrande plandokument. Siste del av planprosessen er offentleg høyring av planforslaget – og eventuell omarbeiding etter motsegner. Eg veit at dykkar firma har lang erfaring med bruk av sjøområda på Hustadvika i reiselivssamanheng, og at de også har ein betydeleg kunnskap om naturmangfaldet i området, både under og over vatn. Denne erfaringa er eg på jakt etter å kunne bruke til å supplere kunnskapsgrunnlaget vi elles har om naturmangfaldet og bruken av sjøområda (fiske, transport m.m.) i offisielle databaser (Miljødirektoratet, Kystverket, Fiskeridirektoratet). Eg er interessert i opplysningar om følgjande: Naturmangfald • Observasjonar av ulike fiskeslag, hummer (bestandsutvikling over tid) Fiskeslag : Det vi registrerer når det gjelder fiskeslag er det spesielt en fisketype som utmerker seg, det er steinbit. Den har blitt redusert betraktelig. Når det gjelder hummerbestanden har den også gått mye tilbake i de siste 40 årene. Jeg har et referanseområde i Orskjæra hvor jeg telte 19 hummere i 1986. I dag skal vi være heldig om vi ser 2-3 hummere i samme løype. • Tareskog og ålegrasenger (Fiskeridir. Viser til at taren i vårt område er viktig og av nasjonal verdi. Ålegras er ikkje registret anna enn eit lite område ved Gossa, men kanskje det finnst meir?) Tareskog : Det ble utarbeidet en rapport i slutten av 1980 tallet / begynnelsen av 1990 om området på Hustadvika ang. en undervanns nasjonalpark. • Oppvekstområde, fisk, skalldyr				

Jeg slutter meg til uttalelsene i denne rapporten som viser til at taretråling skader i stor grad oppvekst vilkårene til fiskeyngel og hummerbestanden. Det burde absolutt ha vært punkt fredning slik at hummerbestanden får utvikle med gode oppvekst vilkår.

- Historia om blomkållkorallen som forsvann

Det var en enestående koloni av blomkållkorall på Skarhammeren i Kornstadfjorden. Dybde fra 36 meter og dypere. Antall 50+ koraller av det vi kunne se nedenfor i dypet. Mest sannsynlig kunne det være et større antall. Jeg er av den oppfatning at avlusningsstoff / kjemikalier fra oppdrettsnæringen var årsaken til at hele kolonien ble utryddet da det var et oppdrettsanlegg i nærheten.

Bruk av sjøområda

- Noko spesielt om farlei ut over det som er vanleg trafikkerte ruter?

I forbindelse med turisme ønskes det bruk av enkelte områder på Hustadvika med RIB /hurtiggående båter. Det er også behov for ruter selv om været skulle være dårlig.

- Reidskapsbruk, særleg om trål (reketråling, taretråling)

Har ingen erfaring med reketråling. Taretråling har jeg de synspunktene som er nevnt ovenfor.

- Tapt reidskap, spøkelsesfiske

Fra tid til annen registrerer jeg teiner og garn som er forlatt. Jeg plukker de opp og destruerer de. Når vi ferdes ut på havet og ser søppel plukker vi opp det vi kan og tar det med til land. Det er i stor grad plastikk av ulik karakter. På Strømsholmen har vi strandrydding hver vår i april og mai.

Du nemnde at de brukar sjøen til opplevingsturisme med bruk av rib og at de gjerne kunne tenke ei form for formalisering av ein slik bruk. Eg foreslår i første omgang at de nyttar den kartbaserte innspelsportalen vi har oppretta, til å legge inn aktuelle transportruter for slik aktivitet (streksymbol). Dette er eit tema vi må vurdere i konsekvenssamanheng, og det er truleg ei ny problemstilling som vi må sjå nærare på, gjerne i samarbeid med Statsforvalter, Kystverket og Fiskeridirektoratet.

Jeg ønsker et møte for å diskutere dette temaet.

Vurdering

Strømsholmen Sjøsportsenter har på oppmoding delt erfaringar og observasjonar om tilhøva i havet der sjøsportsenteret har sine faste turruter i havet. Observasjonane kan vi bruke til å supplere det kunnskapsgrunnlaget som alt finst i området gjennom offentlege databasar. Transportruter for båtar som kan bruke stor fart, er ikkje mottatt, men kan vere tema i planlegginga i form av føresegner om restriksjonar i høve fart.

Nr.	Avsender	Dato	E-post (E) / Punktm. (P)	Arkivkode, Hustadvika: 2021/3778, doknr.
12	Salmon Evolution AS	01.09.2022	E	90

Innspill til arealbruk i Interkommunal Sjøarealplan

Viser til annonsert høring angående arealplan for sjøarealene i kommunen. Innspill er også sendt inn gjennom høringsportalen, men det virker ikke som om all teksten har kommet med. Sender den derfor også

via mail. Salmon Evolution har etablert landbasert oppdrett på Indre Harøy i Hustadvika kommune. Salmon Evolution har Norges største konsesjon for oppdrett av laks og ørret med en MTB på 13.300 tonn, som vil gi en årlig produksjon på 32.000 tonn med laks (sløyd vekt). Dette vil være den desidert største lokasjonen for produksjon av mat uansett art i Norge, og kanskje også i verden. Driften på Indre Harøy er bygget opp med en høy grad av biosikkerhet med mål om å unngå at patogene mikroorganismer kommer inn og

